



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **Verneområdestyret for SVR**

Møtested: , Ryfylke fjordhotell, 4230 Sand

Dato: 23.10.2025

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 44/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 45/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 46/25	Orienteringer		
ST 47/25	Referatsaker		
ST 48/25	Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2026, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE		2025/10335
ST 49/25	Uttale til endra plassering av driftshytte. Gnr. 8, bnr. 1. Finndalen i Åseral kommune. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde		2025/671
ST 50/25	Budsjettkontroll andre halvår 2025		2024/11829
ST 51/25	Uttale til forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnormen for villrein. Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde.		2025/7353
ST 52/25	Eventuelt		
RS 168/25	Revidert løyve - motorferdsel i SVR - Ljosådalen naturreservat - Valle - Ljoså - Gjesløyå - helikopter - bil - Otra Kraft DA		2025/6976
RS 169/25	Vedtak - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 1/26 - helikopter - Terje Salvesen		2025/8078
RS 170/25	Førespurnad - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder - fjerning av turmål frå appen Fjelltoppjakten		2025/8632
RS 171/25	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 55/52 - Frafjordstølen - helikopter - utvida løyveperiode - Erik Frafjord		2025/9105
RS 172/25	Nytt vedtak - innvilga - motorferdsel - helikopter - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Gjesdal 64/1 - Rettlandshommå i Øvstabødalen - gjenoppbygging av støls- / jaktbu - Foreningen for stølsliv og friluftsliv i Indre Gjesdal		2025/3737
RS 173/25	Tilleggsuttale etter NVE si synfaring - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Kvanndalen - Holmavassåno biotopvernområde - Suldal - Bykle - revisjonsdokument og konsesjonssøknad - Røldal-Suldal reguleringane - NVE		2024/5029
RS 174/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad		2025/9035

	102/4 - 106/4 - Eftestøl - Vestvasdalen - ATV med belter - Roy Ove Eiesland	
RS 175/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Hægebostad 101/7 - 101/9 - 101/28 - helikopter - Roy Nøkland	2025/9472
RS 176/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - helikopter - Forgard jaktlag	2025/9796
RS 177/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Kjerag - helikopter - øvingsverksemd - Luftforsvaret - 330-skvadronen	2025/9918
RS 178/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Dyraheio landskapsvernområde - Suldal 187/1 - Krossvatn - helikopter - Stavanger turistforening	2025/10562
RS 179/25	Innvilga - lågtflyging og landing - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - Kjeragveggen - helikopter - øving og opprydding etter redningsaksjon - Rogaland Alpine Redningsgruppe	2025/10561
RS 180/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Helikopter - Sirdal - Sandnes - Sandvatn - Langavatn - Stavanger turistforening	2025/10013
RS 181/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes - helikopter - ettersanking av sau - Rune Kristian Espedal	2025/10324
RS 182/25	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland 5/9 - Stegilsvatnet - helikopter - Jan Ove Pytten Flodquist	2025/10028



Arkivsaksnummer: 2025/10335

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 10.10.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	48/25	23.10.2025

Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2026, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE

Vedlegg:

- 1 Søknad - Heliboogie 2026
- 2 Søknadsskjema - Heliboogie 2026

Forvaltar si innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 helikopterlandingar Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet Heliboogie 2026.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 16-19. juni 2026 (torsdag-fredag). Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på søknaden om dispensasjon eit samla tal på 300 helikopterlandingar ved Kjerag. Verneområdestyret grunngjev avslaget med vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandingar, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konflikter mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjør dette talet framleis rammene for dispensasjonen.

Dispensasjonen på omfattar transport av basehopperar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.

Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstå situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2026.

Kart over flygeruter



Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet "Heliboogie 2026" 16-19. juni 2026. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehoppaparar ut over stupkanten.

Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 06.10.2025. Det visast og til tidlegare handsamingar av liknande søknader i Styresak 35/24, 35/23, 23/21, AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, 30/2018, samt Delegasjonssak RO 49/2017. Viser og til handsaminga av Heliboogie 2020 i styresakene 30/19, 42/19, 15/20, 38/20 og 47/20, samt Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 07.09.2020.

SBK BASE søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld transport av utstyr og personar i samband med BASE hopp

arrangementet "Heliboogie" 16-19. juni 2026. Transportane vil gå føre seg mellom landingspunktane Lysebotn og Kjerag, kor det siste ligg inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Landingspunkta og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar søknaden.

Det søkast om å kunne personar og utstyr relatert til luftsportarrangementet. Dette vil til dømes omfatte basehopparar, paraglidere, speedflygere, hangglidere, samt filmmannskap og media som ønskjer å dokumentere og dekke arrangementet. Søknaden omfattar og transport av tilskodarar frå Kjerag og ned til Lysebotn.

SBK BASE skriv i søknaden at ramma på 200 landingar i tidlegare dispensasjonar lett kan bli for lite. Dei ventar høg deltaking på Heliboogie 2026, og ved optimale tilhøve kan ramma for landingane være brukt opp i løpet av to dagar. Det søkast derfor om å kunne gjennomføre 300 landingar med helikopter i 2026. For 2026, som i 2025 og 2024, blir arrangementet lagt til vekedagane (tysdag-fredag) i staden for i helga (onsdag-laurdag) som har vore vanleg tidlegare.

Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil behovet for helikopterlandingar truleg ligge ein stad mellom 150 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søkar om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018. I 2019 gjorde dårleg vær at talet låg på 168, mens berre 44 transportar vart gjennomført i 2020 og 2021 på grunn av reiserestriksjonar i samband med Covid 19. I 2022 vart det gjennomført 156 landingar, mens talet låg på 157 i 2023 og 251 i 2024. Heliboogie vart ikkje arrangert i 2025. I 2024 vart det dermed gjennomført 51 fleire landingar enn det vart gitt dispensasjon til. I styresak 25/24 vedtok verneområdestyret å melde dette til politiet. Forvaltningssekretariatet har ennå ikkje mottatt tilbakemelding om korleis politiet eventuelt følgjer opp dette.

I følgje opplysningar frå søkar og informasjon på søkar si nettside <http://stavangerbase.com/about-the-heliboogie/>, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1998. Vanlegvis er om lag 25-30 land, og opp til 200 hopparar frå heile verden er representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hopparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkaren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.

SBK BASE søker om å få plassere ein mellombels installasjon under arrangementet. Dette dreier seg om ei rampe som er om lag 5m lang, 1m breitt og 1.5m høg. Dette skal brukast til å «skyte» basehopparane ut over kanten, og vil bli plassert ved eit av uthoppunkta. Det vil ikkje bli brukt boreboltar for å forankre rampa.



Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020

I styresak 30/19 av slo verneområdestyret søknaden om å arrangere Heliboogie 2020. Grunngevinga for avslaget var at motorferdsla verka forstyrrande på fotturistane si naturoppleving. Vedtaket vart påklaga av SBK-BASE, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. I styresak 42/19 gjorde derfor verneområdestyret om sitt vedtak og gav dispensasjon til Heliboogie 2020. Denne dispensasjonen vart påklaga av Naturvernforbundet i Rogaland. I si førebunde klagesakshandsaming i styresak 15/20, stod verneområdestyret fast ved dispensasjonen og saka vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg klagehandsaming.

I si klageavgjerd datert 07.09.2020 avviser Miljødirektoratet klagen frå Naturvernforbundet i Rogaland, og opprettheld verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i styresak 42/19, men med ei endring i form av eit nytt vilkår. Her heiter det at dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

I klageavgjerda legg Miljødirektoratet vekt på at forstyrringa frå helikoptertrafikken er tidsmessig avgrensa på ein slik måte at det ikkje kjem i strid med verneføreskrifta sitt føremål om å limenta sitt høve til naturoppleving. Når arrangementet heller ikkje påverkar verneverdiane negativt, er det grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Samstundes meiner Miljødirektoratet at det ikkje er ønskjeleg at arrangementet aukar ytterlegare i volum, og det derfor bør settast eit tak for talet på landingar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta.

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at *"Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode"*. I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unntak frå forbodet og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsmyndigheita si vurdering kjem dei omsøkte helikoptertransportane ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

Tekniske inngrep i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heter det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som:

"oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrking, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmende".

Den mellombels installasjonen det er søkt om kjem etter forvaltningsstyresmakta sitt syn inn under §3, punkt 1.1 og krev derfor dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48 for å kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldlova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.

- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta "*Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping*" på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. Retningslinjene er ei vidareføring av tilsvarande retningslinjer i Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Frafjordheiane frå 2007. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vær eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennomføre tiltaket.
- "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasjeverksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Mellombels installasjonar på Kjerag er omtala i Besøksstrategi for SVR på side 49. Her går det fram at dispensasjonar til mellombelse installasjonar skal avgrensast til perioden 15-30 juni, og at dei skal avgrensast til områda vest for Kjeragbolten.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.


Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte landingsplassen ligg om lag 950 moh nær kanten mot Lysefjorden. Området består av mykje fjell i dagen og flekkar med skrinne vegetasjon. Hovudsakleg lav, mose og grasartar. Landingsplassen er lokalisert om lag 700 m nordvest for utkikkspunktet ved Nesatind og om lag 800 m nord for Kjeragbolten.



Kart over landingspunktet for Heliboogie, samt turmåla Kjeragbolten og Nesatind.

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av området der arrangementet skal gjennomførast den tida dei hadde sendar. Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no har registrert plott frå området. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale raudlista, men arten er svært sårbar for forstyrningar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særleg for perioden for egglegging og ruging frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om. I følgje Fylkesmannen i Rogaland sitt framlegg til verneplan for Frafjordheiane frå 2001, er områda rundt Kjerag gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne i nærleiken av den aktuelle landingsplassen.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme. Ferdselsteljingane i 2016 og 2017, dokumenterte at talet på besøkande på Kjerag nå var på 55-60.000 pr år. Ferdselsteljingane

viste og at det var svært mange besøkande på Kjerag rundt 20. juni når Heliboogie blir arrangert. Ein fekk nå dokumentert at 20. juni var ein del av hovudsesongen med om lag 150-900 besøkande kvar vekedag, og opp til 1200 kvar dag i helga. I 2020 og 2021 har det vore langt færre besøkande på grunn av reiserestriksjonane i samband med Covid 19, med tal på 35.000 og 40.000 besøkande. I 2022 og 2023 var det igjen 65.000 som besøkte Kjerag. For 2024 sesongen viser foreløpige utrekningar at talet på besøkande vil ligge rundt 65.000. Det er derfor grunn til å tru at besøket på Kjerag vil bli høgt i relativt 2026, truleg rundt 60.000.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte tiltaket vil gå føre seg relativt nær dei registrerte hekkelokalitetane for tårnfalk, men på eit tidspunkt som gjer at det er mindre fare for redusert hekkesuksess. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil desse helikopterturane, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er fare for at fotturistane som oppheld seg på Kjerag desse dagane vil kunne få ei redusert naturoppleving. Sjølv om avstanden til landingsplassen frå Nesatind og Kjeragbolten er 7-800 m, og svært få av dei besøkande går vidare enn Kjeragbolten og såleis kjem i direkte kontakt med BASE hopparane, vil ein både kunne sjå og høyre helikoptera når dei landar og tek av.

BASE-hopp arrangement med helikoptertransport av hopparane, var ein pågåande aktivitet da Frafjordheiane landskapsvernområde vart oppretta i 2004. Nærare retningslinjer for gjennomføringa av arrangementet vart såleis nedfelt i den første forvaltningsplanen for verneområdet og vidareført i den eksisterande.

Om eit tek utgangspunkt i tilhøva ved vernetidspunktet, har talet på helikoptertransportar under arrangementet har auka samstundes som talet på besøkande til Kjerag har blitt mangedobla. Dermed har forstyrringane i samband med arrangementet blitt meir omfattande og påverkar mange fleire fotturistar. Eventuelle dispensasjonar bør derfor innehalde ei øvre grense for kor mange helikopter transportar som kan gjennomførast kvart år. Ei avgrensing til 200 transportar vil kunne redusere forstyrringane noko, utan at det medfører urimelege konsekvensar for arrangementet.

Vurdering av presedensverknader

Heliboogie er eit eineståande arrangement i verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Aktiviteten var etablert før Frafjordheiane vart verna i 2004, og særskilte retningslinjer for arrangementet vart fastsett i forvaltningsplanane for området i 2007 og 2015. Ein dispensasjon vil derfor ikkje ha direkte presedensverknadar for Frafjordheiane eller nokon av dei andre verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Samstundes er det eit stort paradoks et det blir gitt dispensasjon til så mange persontransportar med helikopter til Kjerag, når det er en streng praksis i høve til persontransport elles i verneområda.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som eit aktuelt alternativ, sjølv om BASE hopp frå Kjerag gjennomførast utan helikoptertransport resten av året.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing. Dersom det blir påvist søppel frå arrangementet vil tiltakshavar bli pålagt og rydde opp.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket vil i liten grad ein negativ innverknad på verneverdiane knyt til naturmangfaldet i Frafjordheiane landskapsvernområde, og vil i liten grad komme i konflikt med verneføremålet på dette området. På grunn av det avgrensa talet på dagar, flygeruta rett opp frå Lysefjorden og avstanden til Kjeragbolten og Nesatind, blir forstyrringa av fotturistane i området ikkje vurdert til å være av eit slik omfang at det er i strid med verneføremålet. Det er såleis grunnlag til å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova si §48, første ledd, første alternativ. Talet på helikopterlandingar avgrensast til 200 i tråd med Miljødirektoratet si klageavgjerd.

SBK BASE

Kraftverksvegen 44

4127 Lysebotn

Tlf: +46 76 177 28 92 / +47 984 44 159

Email: sbkbase@gmail.com

25.09.2025

Til

SVR V/ Alf Odden	Avantor V/ Roy Frivoll	Sandnes Kommune
-----------------------------------	---	------------------------

Søknad om landingsløyve.

SBK BASE vil med dette søke om landingsløyve på Kjerag, Geitaneset og Lysebotn i forbindelse med Heliboogie 2026

Landingsløyvet det søkes om er fra og med tirsdag 16. juni til og med fredag 19. juni 2026.

Løyvet om befatter utstyr og persontransport under Heliboogie arrangementet.

Vi ønsker å transportere personell med utstyr relatert til luftsportsutøvere til arrangementet opp og ned fra fjellet under disse dagene. Eksempelvis basehoppere, paraglidere, speedflyere, hangglidere og film mannskap knyttet til arrangør eller media som ønsker å dokumentere / dekke hele eller deler av Heliboogie arrangementet.

Utstyr

Ønsker også til Heliboogie 2026 å løfte opp en rampe som er til hoppingen, se bilde. Denne trenger ikke festes med noen festemidler. Det vil bli brukt kun noen sandsekker til å stabilisere den. Den vil bli stående 1-4 dager ved utsprangspunktet.

**Tilskuere**

Ønsker også løyve til å transportere ned tilskuere som har gått turen opp fra Øygardstøl til utsprangspunktet for å se aktivitetene på nært hold. Dette tilbudet er kun for de helikopterturene som allerede er flydd opp med aktører fra Lysebotn.

Flyrute

Flyruten blir lagt slik at verneområdet eksponeres minimalt, se kart for flyvning opp og ned.

Landingspunktet på Kjerag er ca. 700 meter fra turist plassen ved den kjente Bolten og ligger delvis skjermet slik at andre turister blir minimalt plaget av støy.

Landing på Geitaneset blir begrenset til kun nødstilfelle eller annen prekær situasjon.

Antall landinger

Det forventes høy deltakelse på Heliboogien. Vi vet at med 200 landinger som var gitt sist er for lite, og med optimalt fint vær så vil disse bli brukt opp innen to dager. Vi søker derfor om en utvidet løyve med tanke på antall landinger og vil be om å få 300 landinger for Heliboogie 2026.

Litt om Heliboogien:

Heliboogie hadde sitt første arrangement i 1998 og har siden den gang vært arrangert årlig. Dette er et arrangement som trekker basehoppere, andre ekstremsportsutøvere, tilskuere, diverse TV og dokumentar produksjoner til fantastiske Lysebotn og Kjerag. Heliboogie er det største arrangementet som arrangeres i Lysebotn og er blitt en god tradisjon og varer vanligvis en hel uke. Arrangementet er verdenskjent og trekker aktører fra hele verden. Vi har deltakere fra typisk 25 - 30 forskjellige land under Heliboogie uken.



- Flyrute ned
- Flyrute opp

Mvh
Björn Cederberg
SBK BASE



SANDNES KOMMUNE

Søknad om dispensasjon fra lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

1. Opplysninger om søker og kjøretøy

Dato: 25.09.2025	Søker: SBK BASE V/ Björn Cederberg	Fødselsdato: Org nr: 915 348 807 Fødselsdato: 301194
Adresse: Kraftverksvegen 44		Postnummer og poststed: 4127 Lysebotn
Telefon: +46 76 177 28 92 / +47 984 44 159	E-postadresse: sbkbase@gmail.com	
Fører, dersom ikke søker kjører selv: Pilot fra helikopterselskap som får kontrakt på oppdraget		
Type kjøretøy/fartøy (merke, modell og registreringsnummer): Helikopter		
Kjøring skal skje på barmark/snødekket mark: 1. Landing på Kjerag, se merket plass på kart for rute og landingsplasser 2. På Geitaneset kun ved prekere situasjoner eller nødsituasjoner 3. Lysebotn på fast plass for helikopter		

2. Søknaden gjelder (kryss av):

Kryss av i kolonnen til venstre for formålet med kjøringen og hvilken bestemmelse det søkes dispensasjon fra i motorferdselloven og/eller forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag		
Bruk av snøskuter for:		
	Leiekjøring	Forskriften § 5 a)
	Transport for funksjonshemmede	Forskriften § 5 b)
	Transport av bagasje og utstyr til privat hytte	Forskriften § 5 c)
	Kjøring i utmarksnæring for fastboende	Forskriften § 5 d)
	Transport av ved	Forskriften § 5 e)
	Gruppeturer for beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner,	Forskriften § 5 f)

Postadresse: Postboks 583, 4305 Sandnes. E-post: postmottak@sandnes.kommune.no

www.sandnes.kommune.no

	pensjonistforeninger	
	Utkjøring og tilsyn med jervebåser	Forskriften § 5b.
Bruk av motorkjøretøy, motorfartøy eller luftfartøy for:		
	Transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring	Forskriften § 5a.
	Annet særlig behov for bruk av motorkjøretøy i terreng	Forskriften § 6
	Særlig behov for bruk av motorbåt eller liknende fartøy	Motorferdselloven § 6
X	Særlig behov for landing og start med luftfartøy	Motorferdselloven § 6

3. Formålet med transporten


Begrunn behovet for transporten:

Å frakte deltakere, staff, og utstyr i forbindelse med det årlige og tradisjonelle arrangementet Heliboogie.
 Fraktes fra Lysebotn til Kjerakplatået vest med Helikopter

4. Kjørerute og tidsrom for transport

Beskriv hvor du skal kjøre. Legg ved en kartkopi eller -skisse med inntegnet kjøretrasé som på en entydig og kontrollerbar måte viser hvor du ønsker å kjøre.

Se vedlagt skisse i søknad del 2 for trase og landingsplasser.



Dato:	Tidsrom	Antall turer
16.06 – 19.06.2026	Fra kl. 08:00 til kl. 22:00	Ønsker ubegrenset men minimum 300 landinger.

Postadresse: Postboks 583, 4305 Sandnes. E-post: postmottak@sandnes.kommune.no

www.sandnes.kommune.no

5. Vedlegg til søknaden (sjekkliste)

Formål*	Krav om vedlegg
Alle formål	Kartskisse med nøyaktig inntegnet trasé
Transport for funksjonshemmede (nf §5b))	Legeerklæring ved varig funksjonshemming
Transport av bagasje og utstyr til privat hytte (nf § 5c))	Skjøte, festekontrakt og/eller leiekontrakt
Kjøring i utmark for fastboende (nf § 5 d))	Næringsoppgave
Transport av ved eller brensel (nf § 5 e))	Hogsttillatelse. Hogstområde inntegnes på kart
Transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring (nf § 5a.)	Næringsoppgave
Utkjøring og tilsyn med jervebåser (nf § 5b.)	Dokumentasjon fra Fylkesmannen
Særlige grunner (nf og mfl § 6)	Eventuell dokumentasjon ved særlige behov

*nf = forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, mfl = motorferdselloven

Vi minner om at du i alle tilfeller må ha grunneiers tillatelse for å kjøre.

I verneområder gjelder i tillegg verneforskriftenes regler for motorferdsel. Du må derfor søke forvaltningsmyndigheten for det enkelte verneområde dersom kjøreruten berører et verneområde. Fylkesmannen eller verneområdestyret v/forvalter kan gi opplysninger

Underskrift

Lysebotn 25/09 - 2025

Sted og dato



Søkerens underskrift



Arkivsaksnummer: 2025/671

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 17.10.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	49/25	23.10.2025

Uttale til endra plassering av driftshytte. Gnr. 8, bnr. 1. Finndalen i Åseral kommune. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Vedlegg:

- 1 Anmodning om realitetsbehandling - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 8/1 - driftshytte

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret vil ikkje tilrå at det vert gjeven løyve til oppføring av ny driftshytte i Finndalen gnr. 8, bnr. 1 på tomte der kommunen har foreslått. Driftshytta vil bli mindre eksponert og synleg på denne tomte, men dette veier ikkje opp for den svært omfattande motorferdsla og aktiviteten som riving av eksisterande hytte og bygging av ny vil krevje. Samstundes med eit nytt inngrep i området vil det i lang tid vera store og godt synlege spor etter eksisterande tomt. I sum meiner verneområdestyret at miljøbelastninga frå tiltaka vil bli for store til at dei kan tilrå ei løysing slik kommunen har foreslått. Det vert også lagt vekt på at verneområdestyret tidlegare har godkjend dagens plassering av driftshytta.

Om kommunen kjem til at dei vil krevje eksisterande driftshytte fjerna gjennom pålegg etter plan- og bygningslova vil verneområdestyret støtte dette.

Verneområdestyret vil understreke at dette er ein uttale og at ei handsaming av den nye plasseringa først kan realitetshandsamast når det ligg føre ein konkret søknad frå tiltakshavar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Etter førespurnad frå Åseral kommune skal verneområdestyret i denne saka gi uttale til endra plassering av ei eksisterande driftshytte i Finndalen i Åseral. Saka har ei lang historie både i verneområdestyret og Åseral kommune. Hovudtrekka er attgjeven nedanfor.

I 2015 søkte grunneigar Atle Korsmo om å rive eksisterande driftshytte i Finndalen i Åseral kommune og sette opp ein ny like ved. Bygginga vart gjennomført i 2019 - 2020. Synfaring av tiltaket synte at bygningen var ført opp høgare i terrenget og om lag 35 meter unna tomte som var godkjend. Utan søknad og løyve var det også bygd bod, forstøttningsmur,

badestamp, veranda, dør til krypkjeller og synkekom. Hovudbygningen var også høgare og med annan taktekke enn det det var gjeven løyve til.

I styresak 2.12.2020, sak 51/20, ga verneområdestyret pålegg om fjerning av nemnde bod, forstøttningsmur, badestamp, veranda, dør til krypkjeller og synkekom. Verneområdestyret godkjende i same sak plassering og høgde på driftshytta, i tillegg taktekke i tre og med solcellepanel på taket. Godkjenninga var mot forvaltar si tilråding. Verneområdestyret la vekt på at grunna fjell og åsar kring bygningen var den ikkje særskilt ruvande og dominerande i landskapet. Pålegg om fjerning av delar av bygningsmassen vart seinare gjennomført av tiltakshavar. Det står att sluttgodkjenning av dette.

I tillegg til krav om retting vart tiltaka meld til politiet.

Seinare søkte tiltakshavar Åseral kommune om godkjenning av dagens plassering av driftshytta. Åseral kommune godkjende utforminga av bygningen, men sette krav om endra plassering lågare i terrenget slik det går fram av kartet nedanfor. Etter klage frå tiltakshavar vart kommunen sitt vedtak oppheva av Statsforvalteren i Oslo og Viken. Dette grunna at verneområdestyret skulle ha vurdert og gjeve dispensasjon til den nye plasseringa før kommunen ga løyve til dette. Det vart her synt til kommunen sitt ansvar i å samordne saker som går etter fleire lovverk.

I brev dagsett 15.1.2025 bad Åseral kommune verneområdestyret om å ta stilling til endra plassering og fatte vedtak etter verneforskrifta. I eit førebels svar til Åseral kommune (referert i styremøtet 19.2.2025) ga forvaltar attendemelding om at det ikkje var rett å handsame saka no då tiltakshavar ikkje har søkt om ei slik endra plassering. Om kommunen meiner at driftshytta ikkje kan godkjennast der ho er oppført bør det i staden gjevast pålegg om fjerning av denne.

Åseral kommune, ved Svensson Nøkleby Advokatfirma, har i brev dagsett 15.8.2025 på ny bede verneområdestyret ta stilling til endra plassering av driftshytta i forkant av kommunen sin handsaming (vedlegg 1). I brevet er det også gjort greie for kvifor kommunen sin samordningsplikt ikkje er avgjerande.

Om verneområdestyret ikkje fattar vedtak i saka er kommunen innstilt på å fatte vedtak først, men med vilkår om at det også vert søkt om og gjeven løyve etter verneforskrifta. I høve til avslag på søknad om godkjenning av eksisterande plassering, med påfølgjande krav om riving, slik forvaltar peika på i brev dagsett 15.1.2025, gjer advokatfirmaet merksam på at kommunen ikkje kan avslå tiltaket så lenge bygningen elles er i tråd med regelverket kommunen forvaltar. Etter plan- og bygningslova § 29 – 4 kan dei likevel sette vilkår om plassering.


Forvaltar har forståing for kommunen sitt ønske om å komme vidare i saka og at det vil vera ein stor fordel at kommunen har med seg verneområdestyret si vurdering av alternativ plassering før dei fattar vedtak. Samstundes er det vanskeleg å realitetshandsame dette så lenge det ikkje ligg føre ein søknad.

Sidan kommunen i brev dagsett 15.8.2025 har signalisert at dei uansett er innstilt på å handsame saka, har forvaltar i forståing med kommunen sin advokat komen til at verneområdestyret kan gi ein uttale i saka. Formell handsaming etter verneforskrifta vil først kunne skje når det ligg føre ein søknad om dette.

Verneområdestyret skal ikkje fatte vedtak i saka så i det vidare er ikkje vurderinga knytt særskild opp mot naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Kartet nedanfor syner dei ulike plasseringane som er omtala i saka. Det er også teken med eit bilete frå før delar av bygningsmassen vart fjerna slik verneområdestyret ga pålegg om.

Kart der kommunen sitt forslag til plassering er merka med lilla felt til venstre i kartet. Dagens plassering, opphøvelig godkjent tomt samt plassering av den gamle driftshytta er også merka av.



Bilete teken i juli 2020 før pålegget om riving av delar av bygningsmassen vart gjennomført.



Vurdering

Ved handsaming av søknadar etter fleire lovverk (verneforskrifta og plan- og bygningslova) er utgangspunktet at saka skal handsamast etter strengaste lovverk først. Normalt vil dette vera verneforskrifta. Når kommunen i denne saka har lagt seg på ei strengare line enn verneområdestyret kan saksongongen fort bli ei utfordring.

For vurderinga i saka har forvaltar lagt til grunn at godkjenning av den nye tomta slik kommunen ønskjer vil bli følgt opp med krav om riving av eksisterande driftshytte.

Etter verneforskrifta kap. 3 er verneføremålet i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* som følgjer:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter forvaltar si vurdering vil ikkje byggearbeidet med tilhøyrande motorferdsel utgjere særleg forstyrning på villreinen. Det er i første rekke mindre bukkeflokkar som nyttar denne delen av verneområdet, og då gjennom vinteren. Slik situasjonen har vore dei siste 10-15 åra må ein om lag 2,5 km. lengre nord i retning av Langsvatn før ein er inne i område der reinen sporadisk held til.

Sør-vest for driftshytta er det registrert lokalitet av raudlista rovfugl. Avhengig av rute og tid på året vil lokaliteten kunne bli påverka negativt av den omfattande motorferdsla som byggetiltaka vil krevje.

I høve til landskapet vil den nye plasseringa vera klart betre en dagens plassering. Bygningen vert liggjande lågare i terrenget og med eit høgdedrag i bakkant. Krav til mønehøgde, materialbruk og farge vil kunne dempe det ytterlegare.

I byggeperioden vil det vera betydeleg aktivitet knytt til omfattande helikopter- og snøskutertransport samt bygging i seg sjølv. Det må også gravast av ein del jord og vegetasjon i samband med klargjering av tomt og støyping av pilarar. Til ein viss grad kan arbeidet og motorferdsla samordnast både frå riving og nybygg, men det vil uansett krevje eit omfattande arbeid over ei lengre tid.

Gjeven at verneområdestyret tidlegare har godkjend dagens plasseringa av driftshytta må det tungtvegande grunnar til for å endre plasseringa. Dei forbigåande ulempene i rive- og byggeperioden må vegast opp i mot at ein landskapsmessig får ein betre plassering av bygningen. Til det siste skal ein ha med seg at verneområdestyret i si avgjerd i styresak 51/20 meinte dagens plassering ikkje var særleg problematisk i høvde til landskapet.

Gjeven at styret har godkjend dagens plassering og det betydelege miljøavtrykket frå riving og bygging vil ikkje forvaltar tilrå at det vert tillate å bygge ei ny hytte på tomta kommunen har peika på. Om kommunen kjem til at dei vil krevje eksisterande driftshytte fjerna gjennom pålegg etter plan- og bygningslova vil verneområdestyret støtte dette.

Som nemnd i bakgrunn for saka foreslo forvaltar at kommunen heller burde gi pålegg om fjerning av driftshytta om den kom til at ho ikkje kunne godkjennast der ho står. Åseral kommune v/ Svensson Nøkleby Advokatfirma har i brevet dagsett 15.8.2025 påpeika at kommunen ikkje kan avslå ein søknad som elles er i samsvar med regelverket kommunen forvaltar. Etter plan- og bygningslova § 29-4 kan den berre sette vilkår om endra plassering.

Forvaltar er tvilande til ei slik tolking. Kommunen har aldri gitt løyve til verken plasseringa eller utforminga. At kommunen då ikkje kan gi pålegg om fjerning av eit pr. definisjon ulovleg byggetiltak er vanskeleg å forstå. Dette sjølv om tiltakshavar i etterkant har søkt tiltaket godkjend.

Konklusjon

Verneområdestyret vil ikkje tilrå plassering av driftshytta slik Åseral kommune har foreslått.

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Postboks 504
4804 Arendal



Drammen, 15. august 2025

Saksansvarlig advokat: Gøril Enger
Ref.: 1021488-5066247/1

**VEDR. VIDERE SAKSBEHANDLING AV SØKNAD OM DRIFTSHYTTE I
FINNDALEN I ÅSERAL KOMMUNE – GNR. 8 BNR. 1**

Det vises til ovennevnte sak, Deres ref. 2025/671, herunder kommunens brev av 15.01.2025 og svar fra verneområdeforvalter av 17.02.2025.

Vi bistår Åseral kommune i det videre.

Etter vedtak fattet av Kommunal- og distriktsdepartementet 17.04.2024 og Statsforvalter i Oslo og Viken vedtak 30.05.2024, skal kommunen behandle byggesøknaden for hytta på nytt. Kommunen er som kjent innstilt på å godkjenne tiltaket, men hvor det vurderes å sette vilkår om at hytta gis en annen plassering enn det verneområdestyret (SVR) har dispensert for etter naturmangfoldloven § 48 i vedtak av 02.12.2020.

Kommunen har forespurt SVR om de kan ta stilling til en alternativ plassering av hytta i samsvar med kommunens foreløpige vurdering. Verneområdeforvalter for SVR vil imidlertid ikke ta saken til behandling siden «tiltakshaver ikke har søkt om» slik endret plassering av tiltaket. Verneområdeforvalter anmoder samtidig om at kommunen enten godkjenner eller avslår søknaden. Kommunen har imidlertid ikke anledning til å avslå en søknad som ellers er i samsvar med det regelverket som kommunen forvalter. Bestemmelse i plan- og bygningsloven § 29-4 gir kun kommunen hjemmel til å sette vilkår til en tillatelse om endret plassering.

Tiltakshaver er forespurt, men samtykker ikke til en oppdeling av søknaden slik at kommunen kan gi rammetillatelse på vilkår. Tiltakshaver har etter hva vi kjenner til heller ikke søkt SVR om alternativ plassering av hytta i samsvar med kommunens føringer.

Samtidig har departementet i nevnte vedtak av 17.04.2024 gitt uttrykk for at den myndighet som SVR forvalter etter verneforskriften omfattes av kommunens *samordningsplikt* i byggesak, og at kommunen ikke kan gi tillatelse til alternativ plassering av hytta i ett trinn uten at SVR først har gitt dispensasjon til denne plasseringen.

I så fall kommer ikke kommunen videre i sin behandling av søknaden uten at SVR også tar stilling til den aktuelle alternative plasseringen av hytta som kommunen ønsker å godkjenne.

Det er imidlertid grunn til å stille spørsmål ved om kommunens «samordningsplikt» faktisk omfatter denne saken. Departementet har heller ikke begrunnet dette nærmere i sitt vedtak.

Den kommunale samordningsplikten i byggesaker følger av plan- og bygningsloven § 21-5:

«Når tiltaket er betinget av tillatelse eller samtykke fra annen myndighet, eller når planer for tiltaket skal legges fram for slik myndighet, kan kommunen vente med å avgjøre saken inntil det foreligger avgjørelse eller samtykke som nevnt. Kommunen kan også gi rammetillatelse innenfor sitt myndighetsområde, med forbehold om at igangsettingstillatelse ikke vil bli gitt før forholdet til andre myndigheter er brakt i orden, jf. § 21-4 tredje ledd. Kommunen skal i tilfeller som nevnt forelegge saken for de myndigheter som følger av forskrift, hvis ikke avgjørelse eller uttalelse er innhentet på forhånd.

Departementet fastsetter i forskrift hvilke myndigheter samordningsplikten omfatter.»

Departementet har i byggesaksforskriften (SAK) § 6-2 gitt nærmere bestemmelser om denne samordningsplikten:

«Kommunens samordningsplikt etter plan- og bygningsloven § 21-5 omfatter følgende myndigheter:

- a) helsemyndighet*
- b) brannvernmyndighet*
- c) arbeidsmiljømyndighet*
- d) vegmyndighet*
- e) havnemyndighet*
- f) forurensningsmyndighet*
- g) Sivilforsvaret*
- h) jordlovmyndighet*
- i) friluftsmyndighet*
- j) kulturminnemyndighet*
- k) reindriftsmyndighet*
- l) kirkelig myndighet*
- m) luftfartsmyndighet*

- n) bergverksmyndighet
- o) jernbanemyndighet.»

I direktoratets veileder til SAK § 6-2 er det presisert følgende:

«Kommunen har et overordnet koordinerings- og samordningsansvar overfor berørte sektormyndigheter og skal innhente nødvendig tillatelse, samtykke eller uttalelse fra disse dersom dette ikke allerede foreligger. Bestemmelsen angir hvilke sektormyndigheter som er omfattet av kommunens samordningsplikt etter pbl. § 21-5. Listen over sektormyndigheter er uttømmende.» (vår understrekning)

At listen er uttømmende presiseres også i juridisk litteratur:

Odd Jarl Pedersen mfl. Plan- og bygningsrett, del II 2018 s. 237:

«Listen over sektormyndigheter i SAK 6-2 er uttømmende, dvs. at myndigheter som ikke er nevnt ikke er med, uansett om det gjelder myndighet som ønsker å bli hørt.» (vår understrekning)

Innjord/Zimmermann, Plan- og bygningsloven med kommentarer 202, s. 704-705:

«Andre ledd gir departementet hjemmel til å fastsette forskrift om hvilke myndigheter som er omfattet av samordningsplikten. Se i den forbindelse byggesaksforskriften § 6-2 første ledd, som er en videreføring av pbl. (1985) § 95 nr. 3 første ledd første punktum og SAK (2003) § 17. I forskriften er det gitt en uttømmende liste over hvilke særlovsmyndigheter som omfattes av kommunens samordningsplikt etter plan- og bygningsloven § 21-5, blant annet veimyndighet, forurensningsmyndighet, jordlovmyndighet, friluftsmyndighet, kulturminnemyndighet og jernbanemyndighet. Det at oppregningen av sektormyndigheter er å anse som uttømmende, kommer til syne i Kommunal- og regionaldepartementets uttalelse 29. oktober 2008 (08/2244), som er basert på loven av 1985.» (vår understrekning)

Naturvernmyndighet inngår ikke i den uttømmende listen over myndigheter som samordningsplikten omfatter, og SVR forvalter verneforskrift som er hjemlet i tidl. lov om naturvern / naturmangfoldsloven.

For ordens skyld påpekes at SAK § 6-2 k) «reindriftsmyndighet» gjelder sektormyndighet som er gitt myndighet etter Lov om reindrift – som gjelder utøvelse av reindrift, og ikke forvaltning av leveområder for villreinstammer, jfr. vernereglene som håndheves av verneområdestyret, punkt III nr. 2.

Det vises også til Backers lovkommentar til naturmangfoldloven § 48:

«Hvilke myndigheter kommunens samordningsplikt omfatter, er etter § 21-5 annet ledd bestemt i forskrift – se byggesaksforskriften 26. mars 2010 nr. 488 § 6-2. Det kan virke påfallende at forvaltningsmyndighet for verneområder ikke er nevnt i oppregningen her (til forskjell fra den tidligere regel i pbl. 1985 § 95 nr. 3 første ledd). Det er derfor uklart hvordan byggesaksbehandling skal skje i verneområder. Om kommunen kan innvilge rammetillatelse etter § 21-5 første ledd annet punktum uten videre, og om § 21-5 tredje ledd tredje punktum

er til hinder for å gi byggetillatelse så lenge det ikke er gitt dispensasjon etter § 48, er også uklart.»

Advokatfirmaet Kluge har tidligere utredet samordningsplikten etter pbl. § 21-5 for Direktoratet for Byggkvalitet, uten at naturvernmyndighet (dvs. sektormyndighet som forvalter myndighet hjemlet i lov om naturvern / naturmangfoldloven) er omtalt i den omfattende rapporten:

Microsoft Word - KLUG-#1516833-v1-DIBK - utredning om samordningsplikten etter pbl § 21-5.DOCX

Om rekkefølgen for tillatelser etter verneforskriften og annet lovverk, angir naturmangfoldloven § 48, tredje ledd følgende:

«Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal ved slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.» (vår understrekning)

I denne saken har tiltakshaver ikke valgt «å søke om tillatelse parallelt» om en alternativ plassering av hytta, og etter lovens ordlyd er det kun i tilfeller der tiltakshaver har valgt å søke parallelt at vedtak først skal fattes etter verneforskriften.

Ovennevnte tilsier følgelig at denne saken ikke omfattes av kommunens samordningsplikt etter pbl. § 21-5 jfr. SAK § 6-2, og hvor kommunen i prinsippet fritt kan godkjenne søknaden i ett trinn på vilkår om alternativ plassering. Tiltakshaver har ikke søkt SVR om nødvendig dispensasjon iht naturmangfoldloven § 48 for aktuelle alternative plassering av hytta, og dette kan da omsøkes i etterkant.

Selv om byggesøknaden etter vår oppfatning kan godkjennes i en tillatelse i ett trinn på vilkår om ny plassering uten at SVR først har gitt dispensasjon til slik alternativ plassering etter naturmangfoldloven § 48, vil kommunen likevel på nytt anmode SVR om å ta stilling til dette med referanse til kommunens brev av 15.01.2025.

Det anses uansett som en fordel for sakens opplysning om kommunen har med seg SVR sin vurdering av det utpekte området for alternative plassering av hytta, før kommunen tar endelig stilling til søknaden etter plan- og bygningsloven.

Om saken heller ikke denne gang blir realitetsbehandlet av SVR, vil kommunen vurdere å gi en ett-trinns tillatelse på vilkår om alternativ plassering uavhengig av at en slik endret plassering av hytta også krever dispensasjon av SVR. Dette er ikke en ønsket løsning for kommunen, men likevel et alternativ for å komme videre i denne saken.

Frist for avgjørelse fra SVR settes til **1. oktober 2025**.

Vi stiller for øvrig gjerne i et Teams-møte for en nærmere gjennomgang av våre synspunkter og innspill til videre saksgang.

Vi ser frem til videre dialog.

Med vennlig hilsen

Svensson Nøkleby Advokatfirma ANS



Gard Erik Garlie
Advokat - Partner

+47 930 26 783 | genger@snadvokat.no

Kopi:

Advokatfirma Wingemyr & Co Da v/advokat Gard Erik Garlie, Postboks 716, 4666 Kristiansand S



Arkivsaksnummer: 2024/11829

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 17.10.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	50/25	23.10.2025

Budsjettkontroll andre halvår 2025

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til saksframstillinga og tar denne til orientering.

Av eit forventa mindreforbruk på kr. 110 000 på post 21 midlar, prosjekt M1547, godkjenner verneområdestyret at dette vert nytta til å dekke inn eit overforbruk på *kartlegging forvaltningsplan* kr. 30 000. I tillegg innkjøp av *bilteljarar og personteljarar* for kr. 80 000 til kartlegging av ferdsel i åra framover.

For post 31 midlar, prosjekt M1512, godkjenner verneområdestyret at kr. 20 000 kan omdisponerast til arbeidet på tursti Mån.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

I tråd med vedtak i arbeidsutvalet 16.12.2024, sak 40/24, skal verneområdestyret to gonger i året bli førelagt ei sak om budsjettkontroll for post 21 midlar (styremidlar). Som ved førre budsjettkontroll i møtet i mai har forvaltar vald å ta med stoda for tiltaksmidlar (post 31, prosjekt M 1512)

Post 21 midlar, prosjekt M1547 (drift av verneområdestyret)

For drift av verneområdestyret fekk styret tildelt kr. 650 000. Av dette kr. 100 000 til grunnstøtte drift.

Pr. 16.10.2025 er det nytta kr. 365 938. Rest på konto er med dette kr. 284 061. I høve til budsjett ligg ein an til eit mindreforbruk på om lag kr. 110 000. Dette i hovudsak knytt til leige av transportmidlar og utgifter til overnatting, servering og møtelokale. I tillegg frå drift og vedlikehald av informasjonstavler og natursti, som forvaltningssekretariatet har hatt liten kapasitet til å følgje opp dette året.

Av eit mindreforbruk på kr. 110 000 foreslår forvaltar at dette vert nytta til å dekke inn eit overforbruk på *kartlegging forvaltningsplan* kr. 30 000 (sjå neste avsnitt). I tillegg innkjøp av bilteljarar og personteljarar kr. 80 000 for kartlegging av ferdsel i åra framover.

Post 21 midlar, prosjekt M2502 (kartlegging forvaltningsplan)

Til kartlegging i forkant av revisjon av forvaltningsplanen fekk verneområdestyret tildelt kr. 150 000. Dette til ferdselsteljing og kartlegging av hubrolokaliteter. Pr. 16.10.2025 er det nytta kr. 12 300. Fleire større utgifter er venta inn med det første. På ferdselsteljing ligg det an til eit overforbruk på om lag kr. 30 000. Som nemnd ovanfor foreslår forvaltar at dette vert dekkja inn av styremidlar.

Post 31 midlar, prosjekt M1512 (tiltaksmidlar)

Verneområdestyret fekk tildelt kr. 800 000. Av dette er det no betalt ut kr. 258 000. Ved førre budsjettkontroll i mai vedtok verneområdestyret å omdisponere kr. 200 000 til *Informasjon og uteareal, Fundingsland*. Pr. no ligg det an til eit mindreforbruk på nokre få av dei andre tiltaka, om lag kr. 20 000. Forvaltar vil foreslå at dette kan omdisponerast til arbeidet på *tursti Mån* der det frå før er løyva kr. 105 000.

Vurdering

Forvaltar tilrår disponering av post 21 midlar og post 31 midlar slik det er beskrive i saka.



Arkivsaksnummer: 2025/7353

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 17.10.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	51/25	23.10.2025

Uttale til forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnormen for villrein. Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde.

Vedlegg:

1 Utdjupande uttale til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret sluttar seg til hovudtrekka i forslag til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder dagsett 2.7.2025.

Verneområdestyret er svært kritisk til at tiltaksplanane for dei nordlege villreinområda (Snøhetta, Knutshø og Rondane) vart vedteken midt under høyringsprosessen for tiltaksplanane i sør, då dette legg stramme føringar for innhaldet i tiltaksplanane som skal vedtakast. Særleg for dei tematiske tiltakspakkene kan ein nå forvente at det meste er avgjort før høyringa er avslutta.

Verneområdestyret vil påpeike at friviljugheit som hovudstrategi har store svakheiter. Aktørar som er motviljuge kan trenere eller hindre gjennomføring av nødvendige tiltak, mens andre tiltak vil bli utvatna gjennom lange og ressurskrevjande lokale prosessar. Ein slik hovudstrategi rimar ikkje med alvoret i situasjonen og intensjonen om at kraftfulle tiltak skal gjennomførast raskt.

Verneområdestyret er svært opptekne av tiltak for å hindre smitte frå Hardangervidda til Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Sjølv om tiltak mot skrantesjuka er ein del av ein nasjonal strategi, må både overordna tiltak og meir områdespesifikke lokale tiltak bli synleggjort i tiltaksplanen.

Verneområdestyret har elles følgjande merknadar til planforslaget. For vidare grunngjeving og utdjuping syner verneområdestyret til uttale vedlegg 1 i saka.

Tematiske tiltakspakker

Tiltak 3 – Revidere kommunale planar (planvask)

For å unngå ei ytterlegare forringing av villreinen sitt leveområde må kommunane gjere ein kritisk gjennomgang av eksisterande arealplanar. I eit slikt arbeid må ikkje berre den fysiske plassering av bebyggelsen vurderast, men også mengda ferdsel utbygginga kan føre med seg og til kva område.

Vidare er det viktig at kommunane ikkje berre tek ut isolerte ikkje-utbygde område, men også ser kritisk på fortetting i utbygde område. Ei fortetting vil vera positivt i høve til arealøkonomisering, men ferdsla ut frå området vil vera eit problem anten det kjem frå nye område eller gjennom fortetting i utbygde område.

Dei nemnde perspektiva bør takast med i dei føringane departementet har lagt til grunn for revisjonsprosessar (planvask) under tiltak 3.

Tiltak 4 – Oppdatering eller revisjon av Heiplanen

Verneområdestyret vil rå frå ein revisjon av Heiplanen. Ein slik planprosess vil være svært ressurskrevjande, og ta fokus og ressursar bort frå det svært viktige arbeidet med gjennomføring av tiltaksplanens mange konkrete tiltak.

Tiltak 5 – Høg terskel for nye arealinngrep etter sektorloverk

Verneområdestyret er oppteken av at energimyndigheitene i si vurdering av *vesentleg negativ påverknad for villreinen*, må legge vekt på den samla belastninga for heile villreinområdet når de vurderer enkeltsaker. Med fleire utbyggingsprosjekt under planlegging i same villreinområde, må det gjerast ei vurdering av den samla verknaden om fleire av desse vert gjennomført. Ei slik vurdering av samla verknad er heilt avgjerande for å unngå ei vidare bit for bit nedbygging av villreinområdet som vil motverke den positive effekten av tiltaka som er foreslått i tiltaksplanen.

Tiltak 19 - Vurdere regelverksendringar for å kunne regulering ulike former for ferdsel

Verneområdestyret meiner at det er svært viktig med ein heimel for å kunne regulere ferdsel i særleg viktige trekkområde, kalvingsområde og vinterbeiteområde. Dette gjeld både vanleg ferdsel til fots, ferdselsformar som kiting og sykling, samt bruk av droner. Verneområdestyret er derfor positive til at det er lagt opp til ein revisjon av verneføreskrifta for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Ein er likevel usikre på om endring av verneform til biotopvernområde i nokre område, vil være den beste løysinga.

Tiltak 25 – Redusere risiko for overføring av sjukdom og parasittar

Verneområdestyret vil tilrå at det settast i gang eit FoU-prosjekt eller liknande for å få eit betre kunnskapsgrunnlag om korleis beitetrykk frå sau påverkar villreinen og om samspelet mellom villrein og sau. Kunnskapsbehovet på dette området er svært stort og beitenæringa i område har tidlegare stilt seg bak behovet for ei slik kunnskapsinnhenting.

Tiltak 36 – Kartlegge motorisert ferdsel på anleggsvegar og vurdere tiltak for å redusere motorferdsel

Verneområdestyret stiller seg positivt til å ta på seg ansvaret med å med å gjennomføre ferdselsteljingar på 10-12 anleggsvegar, og eventuelt gjennomføre dialog med relevante partar med sikte på tiltak for å redusere motorferdsla. Verneområdestyret vil understreke at

dette er oppgåver som ikkje kan gjennomførast innafor styrets gjeldande budsjettrammer, da tiltaket vil medføre betydeleg kostnadar til materiell, reiser og møteverksemd.

Geografiske tiltakspakkar

Tiltak 39 – Redusere barriereeffekten av Blåsjøvegen

Verneområdestyret vil tilrå ein kombinasjon av alternativ I A og alternativ III. Der Blåsjøvegen stengast med bom på Øvre Moen fram til 19. august og vegen til Skreivasskleivane tilbakeførast. Verneområdestyret vil og tilrå at det etter 19. august berre opnast for motorferdsel frå innbyggjarar i Hjelmeland, Suldal og Bykle, samt brukarar av dei tre statsallmenningane.

Tiltak 41 – Sykkelforbod på Blåsjøvegen innafor Beinlei

Verneområdestyret vil understreke at det er svært viktig at dette tiltaket blir gjennomført.

Tiltak 42 – Forprosjekt: Restaurering av trekkveg over Svartevassmagasinet

Verneområdestyret vil understreke at det er svært viktig at dette tiltaket blir gjennomført, og at ein villreinterskel i utløpet av Ytre Storevatn blir bygd.

Tiltak 43 – Redusere forstyrning frå jakt ved Steinbuskardet

Verneområdestyret vil tilrå dette tiltaket, men tiltaket må utvidast til også å gjelde den sørlege delen av Bykle statsallmenning sitt areal vest for Blåsjø.

Tiltak 45 – Omlegging av hytte- og løypenettet ved Storsteinen

Verneområdestyret vil tilrå dette tiltaket, og at tiltaket vurderast utvida til å omfatte redusert opningstid for turisthyttene Vassdalstjørn og Hovatn på austsida av Blåsjø.

Tiltak 46 – Vurdere tiltak for å redusere forstyrning frå beiteaktivitet i Storsteinsdalen

Verneområdestyret vil tilrå dette tiltaket, og vil spele inn at det bør gis støtte til «No fence» klavar og abonnement, for å redusere ferdsel få tilsyn og sanking i dette viktige trekkområde.

Tiltak 47 - Gjennomføre vedtatt pålegg om stenging av anleggsveg i Flatstøldalen

Verneområdestyret meiner det er svært viktig, og på høg tid, at OED sitt vedtak frå 2011 vert sett ut i livet og at dagens nøkkelpolis vert kraftig innskjerpa.

Tiltak 48 – Omlegging av konseptløypa «Ryger»

Verneområdestyret vil tilrå at dette tiltaket blir tatt ut av tiltaksplanen, eventuelt at tiltaksplanen signaliserer at «Ryger» må takast ut av DNTs Signatur konsept.

Tiltak 49 – Utsette brøyting av anleggsveg Vettrhus-Mostøl til påske

Verneområdestyret vil tilrå dette tiltaket. Verneområdestyret vil i tillegg tilrå at tiltaket utvidast til å omfatte stenging av anleggsvegen for allmenn motorisert ferdsel i barmarkssesongen 1. juni - 1. desember, med visse unntak.

Tiltak 54 – Regulere tilkomsten på anleggsveg opp i Uraråjuvet

Verneområdestyret meiner at det er særst viktig at ein framover klarar å halde på trekkaktiviteten over Uraråjuvet og aller helst auke denne. Det bør gjennomførast teljing av biltrafikken på vegen.

Tiltak 55 – Forprosjekt for restaurering av trekkvegar over magasinet Store Urevatn

Verneområdestyret vil spele inn at fleire tersklar kan være aktuelle. Aktuelle plassar er godt omtala av NINA.

Verneområdestyret vil understreke at tiltaka frå 39 til 55 må sjåast i samanheng.

Tiltak 56 – Redusere barriereeffekten av veg Brokke-Suleskard

Verneområdestyret vil tilrå alternativ B med reduksjon i opningstid til 20. mai – 15. oktober. Verneområdestyret vil råde i frå alternativ A som inneber å opne vegen 14 dagar tidlegare om våren, då dette vil bidra til høge brøytekanter og mykje ferdsel på ski ut i frå vegen i ei svært sårbar tid på året for rein og anna vilt. Verneområdestyret vil og tilrå at det blir innført campingforbod og at parkeringsmoglegheitene langs vegen blir kraftig redusert.

Tiltak 57 – Omlegging av hytte- og løypenettet ved Rosskreppfjorden

Verneområdestyret vil tilrå at dette tiltaket skal innehalde desse momenta; reduksjon av overnattingskapasitet på Øyuvsbu frå 34 til 20, sanere dagens parkeringsplass til Øyuvsbu, legge ned merka sommarløype gjennom Everdalen, flytte merka sommarløype nærare Rosskreppfjorden, legge ned Svartenut. Dette vil medføre mindre ferdsel og redusert forstyrring av villreinen i område.

Verneområdestyret vil rå i frå at løypenettet flyttast til vestsida av Rosskreppfjorden.

Verneområdestyret vil understreke at tiltaka 56 og 57 må sjåast i samanheng.

Tiltak 67 – Vurdere strengare regulering av ferdsel på anleggsvegen frå Bleskestad til Holmavatnet

Verneområdestyret vil tilrå at dette tiltaket blir konkretisert gjennom ein ny bom ved Kvanndalskrysset. Innbyggjarar i Suldal kommune vil ha tilgang etter 15. juli.

Tiltak 70 – Tilpassing under øvingsaktivitet i område Geiskeli – Berdalsbu

For legitimitet av tiltaksplanen meiner verneområdestyret det er avgjerande at tiltak, der statlege aktørar er gjeven eit hovudansvar for gjennomføring, må vera blant dei første til å gjennomføre sin del av dugnaden.

Tiltak 74 – Oppretthalde framtidig trekk mellom villreinområda SR og SA

Verneområdestyret meiner det må svært kraftfulle tiltak til om ein skal lukkast i å betre trekkaktiviteten over RV 9. Det å ikkje forverre situasjonen er ikkje nok. Ein bør prioritere trekkpassasjane det er størst sjanse for å lukkast, dvs dei nord for Hovden der trafikktalet på vegen er lågare enn sør for Hovden.

Forslag til supplerande tiltak som ikkje er ein del av framlegget til tiltaksplan

Verneområdestyret vil tilrå at desse tiltaka blir tatt inn i tiltaksplanen:

- Utsett tidspunkt for kvisting til turisthytta Holmavasshytta
- Legge ned parallelle kvista løyper mellom turisthyttene i Dyraheio
- Redusert opningstid for turisthyttene Vassdalstjørn og Hovatn i barmarkssesongen, jfr tiltak 45
- Tiltak for hytte- og løypenettet sør i sørområde

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Forslag til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder ligg no føre og med uttalefrist 31. oktober. Tiltaksplanen er tilgjengeleg her: [Høring - Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder - regjeringen.no](#)

For innhald i tiltaksplanen syner forvaltar til høringsforslaget og gjennomgangen i verneområdestyret 25.8.2025. Forslag til uttale går fram av vedlegg 1 i saka. Innhaldet i denne er lagt punktvis inn i forvaltar si innstilling.

Framlegget til tiltaksplan er svært omfattande og inneheld 75 tiltak. For at saksframlegget ikkje skal bli for omfangsrikt har forvaltar konsentrert seg om dei tiltaka som kan ha størst innverknad på tilhøva for villreinen, samt tiltak der ein har større merknad til KLD sitt framlegg. Dette omfattar 6 tiltak frå dei tematiske tiltakspakkane og 16 tiltak frå dei geografiske tiltakspakkane. I tillegg kjem merknadar til KLD sitt høringsnotat. For dei 53 tiltaka som ikkje har fått nærare omtale, stiller ein seg bak KLD sitt framlegg.

Bakgrunn for tiltaksplanen

Tiltaksplanen for villrein for Setesdal Ryfylke villreinområde (SR) og Setesdal Austhei villreinområde (SA) er ei oppfølging av klassifiseringa av dei ti nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein i 2022. I klassifiseringa vart Setesdal Ryfylke villreinområde klassifisert som ikkje godkjend (dårleg kvalitet). Setesdal Austhei villreinområde vart klassifisert som godkjend (middels kvalitet). Tiltaksplanen er også ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 18 frå 2024 (Villreinmeldinga).

Den eine årsaka til at Setesdal Ryfylke villreinområde ikkje vart godkjend var at fleire viktige trekkveggar (*funksjonell trekkpassasje*) har hatt ein sterkt redusert bruk, med den konsekvens at store beiteområde har gått ut av bruk. Dei mest råka trekkpassasjane er i områda veg Brokke – Suleskard, Jogledalen og Hønedalen i Sirdal, nordleg del av Svartevassmagasinet – Blåsjø inkl. Steinsbuskardet, Store Urevatn, rv 9 i Bykle og over E134 Haukelifjell.

Den ander årsaka var låg delar eldre bukk i bestanden i Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette heng direkte saman med auka uttak av eldre bukk som følgje av CWD-situasjonen på Hardangervidda.

For fleire andre parameter vart det klassifisert som middels kvalitet i Setesdal Ryfylke. Dette gjaldt slaktevekt kalv, kalveprosent, lavbeite og funksjonell arealutnytting.

I villreinmeldinga, Meld. St. 18 (23023 – 2024) er det ei målsetting at den negative utviklinga i villreinområda skal vera stoppa innan 2030, og at det innan 2050 skal vera minimum *middels kvalitet* i alle villreinområda, ref. kvalitetsnorma. Innan 20100 er målsettinga *god kvalitet* for alle dei nasjonale villreinområda.

Innhald og hovudstrategi i tiltaksplanen

Høyringsforslaget består av eit høyringsnotat og ein tiltaksplan. Tiltaksplanen er bygd opp med ein tematiske del og ein geografisk del. Den tematiske delen tar føre seg tiltak knytt til arealforvaltning og planlegging, ferdsel (inkludert motorferdsel), villreinohelse, bestandsforvaltning, særskild kunnskapsbehov og evaluering og oppfølging av tiltaksplanen.

Den geografiske delen tar før seg tiltak i Blåsjøområdet, Sørrområdet i Setesdal Ryfylke, Hovden-området og Bjørnevatn. I tillegg ein del som tar føre seg betring av trekkmoglegheitene mellom villreinområda. For kvar tiltakspakke er det gjeven ei vurdering av forventa effekt og konsekvensar.

I tiltaksplanen er det foreslått til saman 75 tiltak. For kvart tiltak er det sett opp kva aktør som har hovudansvar og delansvar for gjennomføring av tiltaket. Tiltaksplanen inneber inga tvang og det er opp til ansvarleg aktør om dei vil gjennomføre tiltaket.

Svært mykje i tiltaksplanen dreier seg om korleis ein skal redusere den menneskelege ferdsla i villreinfeltet slik at villreinen kan ta større område i bruk. I praksis betyr det å gjere heia mindre tilgjengeleg for folk, i alle fall dei høgareliggjande sentrale delane av villreinområda.

Fokuset på ferdsel må sjåast i ljøs av den omfattande vasskraftutbygginga som er skjedd i Setesdal Ryfylke dei siste 100 åra med konsekvens at trekkveggar og beiteområde er demd ned, og anleggsvegane har gitt ein svært enkel tilkomst mange stader. Restarealet må reinen dele med menneskja, og med sin naturlege skyheit kjem reinen oftast dårlegast ut. Den omfattande hytteutbygginga inn mot villreinområda siste 30 – 40 år med tilhøyrande ferdsel har også bidrege til at det har blitt trongare om plassen. Vasskrafta har komen for å bli, og ein står att med tiltak for å redusere ferdsla.

I horisonten ser ein nye trugsmål frå klimaendringar og skrantesjuke. Felles for båe er at reinen er betre rusta til å møte trugsmåla om den har ei større hei til rådighet.

Vurdering

Tiltaksplanane for Snøhetta, Knutshø og Rondane vart vedtekne 19.9.2025, dvs midt i høyringsperioden for tiltaksplan for Hardangervidda, Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Særleg for dei tematiske tiltaksplanene, men delvis også for dei geografiske tiltaksplanane, kan ein forvente at tiltaksplanane som no er vedtekne legg sterke føringar for kva som vert det endelege innhaldet i tiltaksplanane for SR og SA. Det er nærast uforståeleg kvifor departementet på denne måten kortsluttar ein høyringsprosess dei sjølv har lagt opp til. Med ein slik framgangsmåte sitt ein att med ei kjensle av at høyringsprosessen i sør langt på veg er avgjort før høyringa er avslutta.

Før øvrig uttale til høyringsbrev og forslag til tiltaksplan syner forvaltar til vedlegg 1 i saka

Utdjupande uttale til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder

Innleiing

Dette dokumentet, saman med saksframlegget og vedtak i saka, utgjer Verneområdestyret for SVR sin uttale til Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt forslag til tiltaksplanane, dagsett 2.7.2025.

I uttalen er det fokusert på Setesdal Ryfylke villreinområde då det er her verneområdestyret har forvaltningsansvaret innafor vernegrensa og villrein er del av verneføremålet.

Uttalen er bygd opp slik at første del er merknadar til KLD sitt høyringsnotat. Kapittel ein og to er innspel til dei tematiske og geografiske tiltakspakkene. Kapittel tre er innspel til tiltak som ikkje er del av KLD sitt framlegg til tiltaksplan.

Merknadar til høyringsnotatet

Effekten av tiltaksplanen og friviljugheit som hovudstrategi

KLD innleier høyringsnotatet med at det *hastar med å ta grep for å gjere noko med den negative utviklinga for villreinbestanden*. Det vert også synt til villreinmeldinga (Meld. S18 2023-2024) og behovet for å sette i verk *kraftfulle tiltak* for å forbetre tilstanden for villreinen.

På tross av ei slik offensiv innleiing er hovudinntrykket at tiltaksplanen verken er særleg kraftfull eller gir inntrykk av noko hastverk. Det skal vera friviljug å gjennomføre tiltaka og utviklinga vil halde fram med til dømes vidare vasskraftutbygging (pumpekraftverk) og hytteutbygging som vil medføre nye vandringshinder og auka ferdsel inn i villreinens leveområde. Over dette heng i tillegg trugsmålet frå sjukdom (skrantesjuke, parasittar) og klimaendringar som i seg sjølv kan vera nok til ei kraftig forverring av situasjonen for villreinen.

Ein må tru planen speglar den politiske vilja nasjonalt for kva som er mogleg å få til. Likevel må ein kunne forvente at det i høyringsnotatet vert gjort ei realistisk beskriving av mogleg måloppnåing etter kvalitetsnorma. Fram til 2030 er KLD ærlege på at tiltaksplanen samla sett vil ha liten moglegheit til å stoppe den negative utviklinga. Fram mot 2050 skal likevel utviklinga snu og med godt von om minimum middels kvalitet for Setesdal Ryfylke. Når alt av tiltak skal vera friviljuge er det inga grunn til ei slik optimisme. Kanskje kan ei klare å betre tilhøve i nokre av trekkpassasjane og auke delen med stor bukk som var den direkte årsaka til at villreinområdet ikkje vart godkjend. Men dette hjelper lite når ein parallelt har halde fram med å forverre tilhøve på andre område eller skapt nye barrierar.

Mange av tiltaka som ligg i dei geografiske tiltakspakkene har vore kjend og drøfta i lang tid både lokalt og regionalt, ikkje minst gjennom GPS-merkeprosjektet i SR og SA som var avslutta i 2019. Tiltaksplanen inneheld inga nye insitament for gjennomføring. I praksis er alt overlata til vidare langdryge prosessar lokalt og regionalt, og ikkje minst at den utpeika hovudansvarlege har interesse, vilje og ressursar til gjennomføring.

For mange av partane vil det vera avgjerande om det følgjer med pengar til å drive dei lokale prosessane. Ikkje minst gjeld dette dei tiltaka der kommunar, friviljuge lag og foreiningar og organisasjonar er peika ut som hovudansvarleg.

Ein god illustrasjon på utfordringa ein vil få med gjennomføring av tiltaksplanen er at Agder Fylkeskommune alt har vedteke at dei ikkje vil stengje veg Brokke – Suleskard to veker før om hausten. Agder Fylkeskommune er både vegeigar og planmyndigheit for Heiplanen.

Tiltak mot skrantesjuke (CWD)

I ljøs av kor alvorleg sjukdommen er for villrein, og potensielt anna hjortevilt, er det svært uheldig at det i tiltaksplanen heilt er utelete tiltak for å avgrense og om mogleg utrydde klassisk skrantesjuke. I høyringsnotatet kap. 4.3 er det derimot synt til nasjonal strategi på området og at «*Håndtering av skrantesyke er et nasjonalt ansvar, der det er behov for helhetlige løsninger på tvers av villreinområder*»

Vi er samde i at sjukdomen er eit nasjonalt ansvar og med trong for heilskaplege løysingar på tvers av villreinområde, men tiltak for å *avgrense* og *utrydde* vil måtte setjast i verk lokalt og

regionalt. I planforslaget vert det synt til regjeringa si strategi. Denne kunne med fordel vore teken inn i tiltaksplanen slik at det vert synleg og kjend kva tiltak som skal gjennomførast.

Når det gjeld Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde vil vi særleg peike på trongen for effektive tiltak for å hindre smitta frå Hardangervidda. At det statistisk sett er relativt stor sjanse for at smitten alt finnast i SR og SA kan vi heller ikkje sjå vert spegla i kraftfulle tiltak, heller ikkje i nasjonal strategi.

Verneområdestyret meiner nasjonal strategi for å avgrense og om mogleg utrydde klassisk skrantesjuke må takast inn i planen. Verneområdestyret er særleg oppteken av tiltak for å hindre smitte frå Hardangervidda til SR og SA, og hindre smittespreiing innan bestandane gjeven at det er relativt stor sjanse for at smitten allereie finnast her. Ein viktig del av overvakinga er å auke tal prøvar i samband med villreinjakta.

Behov for revisjon av verneforskrifter

I høyringsnotatet s. 12 ber KLD om innspel til endring i verneforskrifter der dette er naudsynt for å ivareta villrein.

I verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR) kap. 4 pkt. 4.2 er det soner med ferdselsforbod på våren av omsyn til kalving og villreintrekk. Vidare er det i verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.1 søknadsplikt for større organiserte arrangement. Bestemmingane har eit uklart heimelsgrunnlag då det i naturmangfaldslova § 36 går fram at ein i landskapsvernområde ikkje kan regulere ferdsel til fots.

I Miljødirektoratet si tilråding til Klima- og miljødepartementet om kva for eldre verneføreskrifter som bør prioriterast for revidering (Oppdrag 38 frå september 2025), er SVR eit at to landskapsvernområde som blir foreslått prioritert. Dette skuldast i hovudsak dei nemnte sonene med ferdselsforbod.

I tiltak 19 «*Vurdere regelverksendringer for å muliggjøre regulering av ulike former for ferdsel innenfor verneområder i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder*», går det fram at departementet vurderer om einskilte landskapsvernområde med særlege ferdselsutfordringar, heilt eller delvis skal vernast som biotopvernområde.

I SVR er det stort behov for å kunne regulere ferdsel i viktige trekkområde, kalvingsområde og vinterbeiteområde. Dette gjeld både vanleg ferdsel til fots, ferdselsformar som kiting og sykling, samt bruk av drone. Dette gjeld særleg i nemnte soner med tidsavgrensa ferdselsforbod, men og andre område. For sonene med ferdselsforbod er det behov for justering av både geografisk utstrekning og datoane med ferdselsforbod. Dette for å tilpasse sonene betre til villreinens faktiske områdebruk.

Verneområdestyret vil be departementet tenkje nøye gjennom om endring av verneform til biotopvernområde er den beste løysinga. I SVR vil det bli snakk om store areal, og biotopvern kan gje eit svakare vern mot ulike former for naturinngrep, og såleis gå utover verneverdiane knyt til landskapet. Slik verneområdestyret vurderer det kan ei endring av § 36 i naturmangfaldslova som opnar for å kunne regulere ferdsel i landskapsvernområde med villrein, være ei betre løysing.

1 Merknadar til dei tematiske tiltakspakkene

1.1. Tiltakspakke 1. Ein meir heilskapleg og restriktiv arealplanlegging og arealforvaltning

Tiltak 3. Revidere kommunale arealplanar (planvask) og basere framtidig utbygging på oppdatert kunnskap og sterkare vektlegging av villreinomsyn

For å unngå ei ytterlegare forringing av villreinen sitt leveområde er det avgjerande at kommunane gjer ein kritisk gjennomgang av eksisterande arealplanar gjennom planvask. I eit slik arbeid må det ikkje berre vurderast den fysiske plassering av bebyggelsen, men også mengde ferdsel utbygging av fritidsbustader kan føre med seg og til kva område.

Vidare er det viktig at kommunane ikkje berre tar ut isolerte ikkje-utbygde område, men også unngår fortetting i delvis utbygde område. Ei fortetting vil vera positivt i høve til arealøkonomisering, men ferdsle ut frå området vil vera eit problem anten det kjem frå nye område eller gjennom fortetting i utbygde område.

Dei nemnde perspektiva bør takast med i dei føringane departementet har lagt til grunn for revisjonsprosessar (planvask) under tiltak 3. Basert på tal på eksisterande fritidsbustader og plassering i høve til viktige funksjonsområder for villrein, vurderast planvask å vera særleg viktig på Hovden (inkludert midtregionen), Øvre Sirdal og i Brokke.

Tiltak 4 – Oppdatering eller revisjon av regional plan i Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke villreinområder

Verneområdestyret vil rå frå ein revisjon av Heiplanen. Ein slik planprosess vil være svært ressurskrevjande, og ta fokus og ressursar bort frå det svært viktige arbeidet med gjennomføring av tiltaksplanens mange konkrete tiltak. Både kommunar, fylkeskommunar, statsforvaltar, verneområdestyre, villreinutval og villreinnemnd har avgrensa ressursar, samtidig som dei vil være sentrale i både ein revisjonsprosess og gjennomføringa av tiltak. Det vil derfor være nødvendig å gjere prioriteringar, og da må innsatsen rettast inn mot ei rask gjennomføring av konkrete villreintiltak. Dette vil være nødvendig for å oppfylle tiltaksplanens målsetting. Det går fram av villreinnemeldinga at dei eksisterande regionale planane vil bli evaluert. Om det likevel er stemning for revisjon av Heiplanen, så bør ein uansett vente med å ta endeleg stilling til dette til evalueringa er gjennomført.

Tiltak 5. Høg terskel etter sektorregelverk for nye arealinngrep i Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke villreinområder

I høyringsnotatet peiker KLD på at vasskraftutbygginga har ført til drastisk reduksjon i trekk- og vandringsmoglegheiter for villreinen i SR. Det er difor eit paradoks at det parallelt med tiltaksplanane er under planlegging ei rekke større opprusting og utvidingsprosjekt av eksisterande vasskraftanlegg i SR. Særleg er vi uroa for etablering av fleire pumpekraftverk som ved realisering vil kunne gi dårlegare istilhøve, og såleis skape nye vandringshindre på vinteren. Av dei prosjekta vi er kjend med bør særleg nemnast Blåsjø (Statkraft), Holmavatnet og Votna (Lyse kraft), og Vatndalsvatnet/Store Urevatn (Otra kraft).

Etter tiltak 5 skal det vera *høg terskel* for å tillate nye vasskraftanlegg i villreinområda. Vidare går det fram at Energi- og vassdragsmyndigheitane vil «*videreføre en restriktiv praksis med å gi konsesjoner til nye energiproduksjonsanlegg i villreinområder dersom anleggene har vesentlig negativ påvirkning for villreinen, med mindre anlegget er viktig for andre vesentlige samfunnshensyn, slik som forsyningssikkerheten og kraftbalansen. Videre skal energi- og vassdragsmyndighetene, i de tilfellene det likevel blir gitt konsesjon til nye energi- og vassdragsanlegg, sette vilkår som tar hensyn til villreinen gjennom bygge- og driftsfasen, så langt det lar seg gjøre.*

Verneområdestyret er oppteken av at energimyndigheitene i si vurdering av *vesentleg negativ påverknad for villreinen*, må legge vekt på den samla belastninga for heile villreinområdet når de vurderer enkeltsaker. Med fleire utbyggingsprosjekt under planlegging i same villreinområde må det gjerast ei vurdering av den samla verknade om fleire av desse vert gjennomført. Ei slik vurdering av samla verknad er heilt avgjerande for å unngå ei vidare bit for bit nedbygging av villreinområdet og som vil motverke den positive effekten av tiltaka som er foreslått i tiltaksplanen.

1.3 Tiltakspakke 3. Villreinhelse: Redusere risiko for overføring av sjukdom og parasittar i villreinområdet

Tiltak 25 Inngå samarbeid med beitenæringa for å vurdere tiltak som til dømes plassering, utsetting, reduksjon av tal saltsteinsplassar, parasittbehandling før beiteslepp, områdebruk mv.

Verneområdestyret er oppteken av at beiteressursane i heia skal kunne nyttast til sauebeite. Verneområdestyret vil likevel påpeike at sjølv om beitetrykket i følgje næringa sjølv har vore rimeleg stabilt dei siste 50 – 100 år, har tilgjengeleg villreinareal blitt mykje redusert i same periode, ikkje minst som følgje av omfattande vasskraftutbygging. Eit berekraftig tal sau, i høve til villrein, kan difor vera lågare i dag enn det var for 50 år sidan.

Manglar i kunnskapsgrunnlaget om beiteressursar og interaksjon sau/rein vart peika på av *Faggruppe landbruk* som i si tid spela inn tiltak til faggrunnlaget. Beitenæringa var sjølv tungt representert i faggruppa og stilte seg bak forslaget. Ut i frå dette er det vanskeleg å forstå kvifor tiltaket ikkje vart med vidare i KLD sitt framlegg.

Setesdal Ryfylke villreinområde er av dei villreinområda i landet med desidert høgaste beitetrykk frå sau (Kjelde: beitebrukskart NIBIO), og KLD har i høyringsnotatet sjølv peika på mogleg konkurranse om beitegrunnlaget mellom sau og rein, og behov for meir kunnskap om effekten av beitetrykk.



Når det først er peika på eit slikt kunnskapsbehov saknar vi at dette vert følgt opp med konkrete tiltak. I tiltakspakke 3 er tiltak knytt til beitedyr avgrensa til det som er relevant for villreinhelse og reduksjon i risiko for overføring av sjukdom og parasittar, opprydding i fysiske innretningar for beitebruk, og bruk av elektroniske bjøller. Tiltaka er viktige nok, men vi saknar tiltak som går på kunnskapsinnhenting om korleis ein svært omfattande beitebruk i Setesdal Ryfylke påverkar villreinstamma og beitegrunnlaget. På lik linje med klimaendringar og rovvilt – villrein (tiltakspakke 5) må det opprettast ei FOU-prosjekt eller tilsvarande, der ein kan gå i djupna på problemstillinga. Sidan tidleg på 2000-talet er det i Setesdal Ryfylke gjennomført

uthegningsforsøk for å sjå på effektane på vegetasjon i beita og ikkje-beita område. Langtidsseriane frå desse undersøkingane kan gi viktige bidrag inn i arbeidet.

Nyttbart beiteareal og anbefalt sauetal i delar av Setesdal Ryfylke vart greia ut av Skog og landskap i 2007 (Oppdragsrapport Skog og landskap 08/2007. Angeloff og Rekdal 2007). Tilråda sauetal vart gjeven ut i frå ei næringsmessig betraktning, dvs at beitegrunnlaget ikkje skal reduserast på sikt som følgje av overbeite. Andre omsyn, til dømes konkurranse mot ville beitedyr vart ikkje vurdert. Undersøkinga synte at det i fleire delområda var monaleg høgare tal sau enn det som vart tilråda.

Det er laga modellar som syner at beitedyr (sau) har en ganske stor effekt på rein (Panzacchi et al 2022, van Morter et al 2023, <https://www.nina.no/apps/villrein.habitattap>). Berekningane er basert på korrelasjon, dvs at modellen syner at det finnst færre GPS-posisjoner på villrein i område der det beiter mykje sau. Resultatet seier ikkje noko om årsaka til dette. Det kan til dømes skuldast ulik preferanse for beite, eller at artane naturleg unngår kvarandre. Mykje menneskeleg aktivitet i områder med mye sau knytt til slipp, tilsyn og sank, kan og spela inn.

Kartet nedanfor syner korleis tettleik av sau fordeler seg i Setesdal Ryfylke, der rød farge indikerer mykje sau (kjelde: <https://qn.nina.no/#section-enkelteffekt>). Talgrunnlaget er henta fra NIBIO sine beitelagskart. Radardiagrammet syner korleis dei ulike enkelteffektane av menneskeleg påverknad, inkludert beite fra sau, verkar inn på reinens habitattap. Modellen bereknar at husdyrbeite har ein sterk effekt på villreinens habitatpreferansar (kjelde: <https://qn.nina.no/#section-oversikt-1>)



Tiltak 36 – Kartlegge motorisert ferdsel på anleggsvegar og vurdere tiltak for å redusere motorferdsel

Verneområdestyret stiller seg positivt til å ta på seg ansvaret med å gjennomføre ferdselsteljingar på 10-12 anleggsvegar. Verneområdestyret er og positive til å invitere til og gjennomføre dialog med relevante partar, med sikte på tiltak for å redusere motorferdsla på vegane. Verneområdestyret vil understreke at dette er oppgåver som ikkje kan gjennomførast innafor styrets gjeldande budsjetttrammer, da tiltaka vil medføre betydeleg kostnadar til materiell, reiser og møteverksemd.

2 Merknadar til dei geografiske tiltakspakkene

2.1 Tiltakspakke 7A Blåsjømagasinet og Svartevassmagasinet

Tiltak 39: Tiltak for å redusere barriereeffekten av Blåsjøvegen – omtale

Dette er eit tiltak som potensielt kan ha svært stor positiv innverknad på villreinstammas områdebruk og trekkaktivitet i barmarkssesongen. Samtidig er dette eit tiltak med fleire alternativ med mange kombinasjonsmoglegheiter, kor dei ulike alternativa har varierende påverknad av villrein og ferdsla til forskjellige brukargrupper. Omtala av dette tiltaket innleiast derfor med ein kort gjennomgang av eksisterande kunnskap om ferdsel på og ut frå dei ulike delane av Blåsjøvegen, og kva for innverknad denne ferdsla har på villreinen.

Gullingen - Øvre Moen

Blåsjøvegen har 18000 passeringar med motorkøyretøy ved bommen ved Gullingen skisenter. I tillegg er det estimert 2000 passeringar med sykkel. Det meste av denne ferdsla går heilt inn til Øvre Moen, 17 km lenger inne langs Blåsjøvegen. Her er parkeringsplassen for turen inn til Stavanger turistforening si betente hytte Stranddalen. Stien inn til Stranddalen har ein estimert ferdsel på 6000 passeringar. Blåsjøvegen er normalt smelta fram eller brøyta til Øvre Moen til 20. juni

På grunn av den høge ferdsla er Blåsjøvegen inn til Øvre Moen ei fullstendig barriere for villreinen i barmarksesongen.

Øvre Moen - Oddatjørndammen

Blåsjøvegen har 7000 passeringar med motorkøyretøy mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen. I tillegg er det estimert 1000 passeringar med sykkel. Det meste av denne biltrafikken går til Oddatjørndammen (6000 passeringar, mens noko går til Skreivasskleivane (1000 passeringar). Blåsjøvegen opp til Oddatjørndammen (3 km) blir brøyta av Suldal kommune til 25. juni. På og etter denne strekinga delar Blåsjøvegen seg i tre greinar; Skreivasskleivane, Beinlei/Storevassdammen og Førrevassdammen.

På grunn av den høge ferdsla er Blåsjøvegen mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen ei fullstendig barriere for villreinen i barmarksesongen. Trekket mellom Odden og Drakeheia stoppar opp så snart vegen er brøyta. Dette hindrar villreinens tilgang til dei gode beiteområda

vest for Blåsjø, og hindrar utveksling av dyr mellom nordstamma og sørstamma, i det einaste attverande trekkorridoren vest for Blåsjø som går under Førrevassdammen.

Oddatjørndammen - Førrevassdammen

Det er ikkje føretatt teljingar av biltrafikken på den 6 km lange strekninga mellom Oddatjørndammen og Førrevassdammen, men eit anslag vil være 4500 passeringar med bil og 500 passeringar med sykkel. Teljingar viser at ferdsla til fots over Førrevassdammen er betydeleg, med 1400 registrerte passeringar. Ferdsla ut frå Førrevassdammen vidare sørover i villreinområde er estimert til 800 passeringar. Fordelt på 400 passeringar etter merka turistløype på austsida av Store Blåfjell og 400 passeringar på anleggsveg og umerka sti på vestsida av Store Blåfjell. Det er gjennomført teljingar på desse to strekningane for barmarkssesongen 2025, og resultata vil bli sendt departementet så snart dei ligg føre.

På grunn av den høge ferdsla er Blåsjøvegen mellom Oddatjørndammen og Førrevassdammen ei fullstendig barriere for villreinen i barmarkssesongen. Den høge ferdsla ved og over Førrevassdammen, hindrar og bruken av den einaste attverande trekkorridoren nord-sør på vestsida av Blåsjø. Ferdsla sørover frå Førrevassdammen skapar og forstyrring i villreinens sommarbeiteområde, men ettersom dette i hovudsak er eit bukkeområde har dagens bruk av stiane ei avgrensa barriereeffekt.

Oddatjørndammen – Storevassdammen

Denne 17 km lange strekninga av Blåsjøvegen har i dag to bommar. Ein på Venehei heilt i starten og ein ved Beinlei etter 9 km. Innafor bommen på Beinlei har Blåsjøvegen 200 passeringar med bil og 600 passeringar med sykkel på den 7 km lange strekninga inn til Storevassdammen. Teljingar visar at bruken av sykkel har vore aukande dei siste 10 åra. En forventar og ei ytterlegare auking på grunn av fleire el-syklar og at vegen smeltar fram tidlegare. Det meste av biltrafikken skyldast Statkraft og beitelaga si verksemd.

Det er ikkje føretatt teljingar av biltrafikken på Blåsjøvegen mellom Oddatjørndammen og Beinlei, men eit anslag vil være 500 passeringar med bil og 800 passeringar med sykkel innafor bommen på Venehei. Denne delen av Blåsjøvegen vil i praksis ikkje være eit stort vandringshinder for villreinen. Villreinens bruk av denne «halvøya» mellom dei to hovudbassenga til Blåsjø er avgrensa og delar av vegen går heilt i kanten av Blåsjø.

Skadeverknadane frå ferdsla på den inste delen av Blåsjøvegen er først og fremst knyt til ferdsel ut i den svært sårbare trekkområde sør for Storevassdammen. Forstyrring i dette området vil hindre villreinens bruk av den einaste attverande trekkorridoren nord-sør over Gyvassfjellet og Steinbuskardet, og trekkorridoren aust-vest mellom Storevassdammen og Storsteinen. Teljingar viser at ferdsla på Blåsjøvegen genererer 600 passeringar til fots ut i dette trekkområde. I dag gjer kombinasjonen av store tekniske inngrep og ferdsel at villreinens trekkaktivitet nord-sør nærast har stoppa opp og trekkaktiviteten aust-vest er sterkt redusert.

Oddatjørndammen – Skreivasskleivane

Anleggsvegen til Skreivasskleivane har 1000 passeringar med bil og 1100 passeringar med sykkel. Ein del av ferdsla er knyt til villreinjakta 20.08-30.09. Anleggsvegen er 9 km, har dårleg tilstand og smeltar normalt fram i slutten av juli.

Ferdsla på vegen har eit slik omfang at den utgjer eit vandringshinder. Dette gjeld særleg trekket mellom Odden/Slettedalen og ut i Høgaloft. Ferdsla på anleggsvegen genererer og ein

omfattande ferdsel ut i villreinens kalvinga- og oppvekstområde på nordsida av Blåsjø. Heilt inn til områda ved Krossvatn og Grjotdalsneset, samt Vassdalstjørn på austsida av Blåsjø. Denne ferdsla er estimert til 1500 passeringar og medfører såleis store forstyrringar inn i eit viktig og mykje brukt område for villreinen.

Båtutsett Oddatjørndammen

Båtutsettet ved Oddatjørndammen genererer om lag 300 båtturar ut i det austre bassenget av Blåsjø. Dei fleste båtturane er knytt til fiske, men båt brukast og som eit utgangspunkt for fotturar og jakturar i dei sårbare villreinområda på austsida av Blåsjø.

Båtutsett Førreskardammen

Båtutsettet ved Førreskardammen genererer om lag 150 båtturar ut i det vestre bassenget av Blåsjø. Dei fleste båtturane er knytt til fiske, men båt brukast og som eit utgangspunkt for fotturar og jakturar i villreinområda på sør og vestsida av Blåsjø.

Tiltak 39: Tiltak for å redusere barriereeffekten av Blåsjøvegen – uttale

Alternativ I B: Stenge Blåsjøvegen for allmenn motorisert ferdsel ved Øvre Moen heile barmarkssesongen

Verneområdestyret meiner at dette er eit tiltak som vil ha svært stor positiv innverknad for villreinen. Område rundt Blåsjø vil nærast bli heilt tomt for folk og forstyrringa av villreinen i kalvings- og oppvekstområde, sommarbeiteområde og sentrale trekkvegar vil bli kraftig redusert. Gjennomføring av dette tiltaket vil medføre at trekkaktiviteten nord-sør både på austsida og vestsida av Blåsjø bli kraftig forsterka, i kombinasjon med andre foreslått tiltak, vil dette tiltaket være eit langt steg i retning av å sikre at Setesdal Ryfylke endrar status frå dårleg til middels i klassifiseringa etter kvalitetsnormen.

Samstundes vil dette tiltaket råke ålmentas tilgang til Blåsjøområdet hardt, inkludert ein del ferdsel som i liten grad har negativ innverknad på villreinen. Ein tenkjar da særleg på bilturar til Oddatjørndammen og fisketurar i Blåsjø med båt.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket ikkje blir ein del av den første utgåva av tiltaksplanen.

Alternativ I A: Stenge Blåsjøvegen for allmenn motorisert ferdsel ved Øvre Moen i barmarkssesongen utanom perioden 19. august – 1. oktober

Verneområdestyret meiner at dette tiltaket vil sikre villreinen fred og ro i viktige kalvings- og oppvekstområde, sommarbeiteområde og sentrale trekkvegar rundt Blåsjø fram til 19. august. Berre Statkraft, Statnett, 10-12 grunneigarar og tre beitelag vil ha tilgang til område, og ferdsla vil bli redusert med meir enn 80% fram til 19. august. Noko som vil være ei kraftig forbetring samanlikna med tilhøva i dag. Ein føresetnad er at tiltaket blir kombinert med ei tilbakeføring/stenging av anleggsvegen til Skreivasskleivane.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Verneområdestyret vil i tillegg foreslå at det vurderast om tilgangen til motorisert ferdsel gjennom bommen på Øvre Moen etter 19. august, blir avgrensa til innbyggjarar i kommunane

Hjelmeland, Suldal og Bykle, samt brukarar av statsallmenningane i dei tre kommunane. Ei slik avgrensing vil anslagsvis redusere ferdsla med om lag 50%, samanlikna med ein situasjon der bommen opnast for alle etter 19. august. Forstyrringa av villreinen i område vil da bli tilsvarande redusert.

Alternativ II: Stenge veg til Førrevassdammen for allmenn motorisert ferdsel

Verneområdestyret meiner at dette tiltaket vil sikre villreinens moglegheit til å trekke nor-sør under Førrevassdammen gjennom heile barmarkssesongen. Om Blåsjøvegen stengast ved Øvre Moen fram til 19. august, vil dette likevel være ei kraftig forbetring samanlikna med tilhøva i dag.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket ikkje blir ein del av den første utgåva av tiltaksplanen.

Verneområdestyret vil tilrå at det i staden innførast eit sykkelforbod på den 2.5 km lange anleggsvegen sørover frå Førrevassdammen til Store Gilavatnet. Bruken av sykkel på denne vegen er aukande, og ferdsel på vegen vil undergrave effekten av den planlagde villreinterskelen over Store Gilavatnet.

Alternativ III: Tilbakeføre vegen til Skreivasskleivane til naturlik utsjånad

Verneområdestyret meiner at dette er eit tiltak som vil ha stor positiv innverknad for villreinen. Ferdsla i område rett nord Blåsjø vil bli mykje lågare og forstyrringa av villreinen i eit viktig kalvings- og oppvekstområde bli kraftig redusert.

Om ei tilbakeføring ikkje let seg gjennomføre kan fysisk stenging av vegen med store steinar eller eit svært strengt bomregime være eit alternativ. Om vegen ikkje blir tilbakeført må det innførast eit sykkelforbod da halvparten av ferdsla på vegen er frå syklistar og gåande.

Ei tilbakeføring av anleggsvegen vil og være eit godt naturrestaureringstiltak. Ei tilbakeføring vil restaurere funksjonaliteten eit villreinareal på 4 km² i Høgaloft på austsida av vegen, og eit villreinareal på 10² km i Odden og Slettedalen på vestsida av vegen.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Alternativ IV: Regulere tilgang til båtutsett ved Oddatjørndammen og Førreskardammen

Ut frå dagens kunnskapsgrunnlag meiner verneområdestyret at dette tiltaket vil ha avgrensa effekt dersom Blåsjøvegen blir stengt ved Øvre Moen før 19. august og etter 1. oktober.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket ikkje blir ein del av den første utgåva av tiltaksplanen.

Tiltak 41: Innføre sykkelforbod på Blåsjøvegen innafor bommen på Beinlei

Verneområdestyret meiner at dette er eit tiltak som vil ha svært stor positiv innverknad for villreinen. Dette er derfor eit tiltak som må gjennomførast uavhengig av andre tiltak i område. Ferdsla med sykkel på Blåsjøvegen genererer mykje ferdsel inn i dei svært sårbare

trekkorridorane i Steinbuskardet/Gyvassfjellet og Storevassdammen-Storsteinen. Tiltaket vil redusere denne ferdsla med anslagsvis 80%, noko som kan medføre at trekkaktiviteten i område aukar.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Tiltak 42: Forprosjekt for restaurering av trekkveg over Svartevassmagasinet – omtale

Dette er eit tiltak som potensielt vil ha svært stor positiv innverknad for villreinen. I dag utgjer ferdsel på anleggsveien til Duge kraftverk i Sandnes saman med Svartevassmagasinet og Blåsjø, ein nær 50 km lang barriere for villreintrekk aust-vest i sommarhalvåret. Einaste opphald er ein smal passasje på fire km. mellom Ytre Storevatn og Storevassdammen (i praksis berre to km om ein tar topografien i betraktning). I denne attverande korridoren skal villreinen dele plass med turistløyper, Storsteinen turisthytta og infrastruktur i form av vegar og høgspenliner. Konsekvensane av denne barrieren er ein sterkt redusert bruk av beiteområda vest for aksen. Ein ny moglegheit for villreinen til å trekke over Svartevassmagasinet vil derfor ha svært stor betydning.

På låg vasstand i Svartevassmagasinet (10 m. under HRV) er det dokumentert at villrein kryssar over magasinet ved utløpet av ytre Storevatn. Etter 2020 har vasstanden i magasinet vore låg i lange periodar. Dette har medført at villreinen har tatt i bruk områda på vestsida i langt større omfang enn tidlegare. Ved etablering av ein terskel her vil trekkaktiviteten kunne auke monaleg og bidra til betre tilgang på beiteområde vest for magasinet. Saman med nedlegging av turistløypa mellom Storsteinen og Litle Aurådal (tiltak 45) vil tiltaket kunne gi ei stor forbetring i områdebruken. NINA (2022) si scenarioanalyse av tiltaket viste avgrensa effekt av tiltaket, men tilgangen på nye GPS-data (2022-2025) tyder på at nye analyser kan gje ein annan konklusjon.

For praktisk gjennomføring ser vi føre oss at terskelen vert lagt 2 – 3 meter under HRV avhengig kva som er pårekneleg køyremønster av magasinet. På vestsida av magasinet må det truleg sprengjast ei hylle (under HRV og såleis utanfor verneområdet) ein kort strekning sørover slik at reinen kan ta seg opp det bratte terrenget. Sjølvte terskelen må utformast slik at ein sikrar vassgjennomstrøyming mellom dei ulike delane av magasinet.

Tiltak 42: Forprosjekt for restaurering av trekkveg over Svartevassmagasinet – uttale

Verneområdestyret meiner at dette er eit tiltak som vil ha svært stor positiv innverknad for villreinen. GPS-data og egne observasjonar tydar på at ein terskel ved utløpet av Ytre Storevatn vil bli brukt av villreinen. Verneområdestyret meiner at det er denne terskelen som er mest realistisk å få gjennomført og er den som bør prioriterast i eit forprosjekt. Verneområdestyret støtter tanken om eit forprosjekt slik at både kostnader og nye naturinngrep kan vurderast opp mot nytten for villreinen.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Tiltak 43: Redusere forstyrning frå villreinjakta og rjupejakt i området kring Steinsbuskardet

Statskog har allerede gjennomført tiltaket som inneberer ei sone med totalt jaktforbod rundt den eksisterande ferdselsforbodssona i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, samanslåing av to jaktfelt og innføring av klokketidsavgrensing og utvida jaktpause i fire tilgrensande jaktfelt. Tiltaksplanen foreslår i tillegg at den jaktfrie sona for rypejakt utvidast og at Bykle fjellstyre innføre jaktfrisone for villreinjakt i delar av sitt område.

Verneområdestyret meiner at det er svært positivt at Statskog har innført dette tiltaket på eige initiativ. Særleg sona med totalt jaktforbod vil være eit viktig bidrag for å sikre villreinen ro i dette trekkområde, og vil være viktig for å auke trekkaktiviteten både nord-sør og aust-vest. Verneområdestyret meiner og at det er viktig at sona med totalt jaktforbod både for villrein og rype utvidast til å omfatte den aktuelle delen av Bykle statsallmenning. Generelt bør det vera lågare terskel for forbod mot rjupejakt, da denne ikkje har same bestandsregulerande funksjon som villreinjakta.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen. Tiltaket må og utvidast til å omfatte totalt jaktforbod på Bykle statsallmenning sitt areal sør for Beinleidokki og innføring av klokketidsavgrensing og utvida jaktpause i arealet på nordsida.

Tiltak 45: Omlegging av hytte- og løypenettet ved Storsteinen – omtale

Dette er eit tiltak som vil svært stor positiv innverknad på villreinstamma i Setesdal Ryfylke. Samtidig er dette eit tiltak som ikkje løysar alle utfordringane knyt til det svært viktige nord-sør trekket i område. Omtala av dette tiltaket innleiest derfor med ein kort gjennomgang av historikken bak tiltaket, samt eksisterande kunnskap om ferdsel på dei ulike stisegmenta og kva for innverknad denne ferdsla har på villreinen.

Da Ulla-Førre reguleringa fekk konsesjon i 1974 var konsekvensane for villreinstamma eit sentralt tema. Dette var særleg knyt til Stavanger turistforening sitt ønske om å flytte hytte- og løypenettet til austsida av Blåsjø. På tross av samstemte åtvaringar frå lokale og nasjonale villreininteresser, bestemte Stortinget i 1974 at hytte- og løypenettet skulle gå på austsida. Endeleg hytteplassering vart bestemt av regjeringa i 1976. Det nye hytte- og løypenettet var på plass i 1980, med hytta Storsteinen og fem merka turistløyper plassert midt i den attverande trekkorridoren mellom Svartevassmagasinet og Blåsjø. Som venta vart konsekvensane av store tekniske inngrep og ferdsel katastrofale for villreinstamma. Trekket nord-sør stoppa opp slik at stamma vart delt i to, og trekket aust-vest så kraftig redusert at store område vest for Blåsjø og Svartevassmagasinet nærast vart tomt for dyr. At område vart verna og det vart innført ferdselsforbod i 2000, endra ikkje situasjonen da ferdselsforbodet ikkje omfatta ferdsel på veg og merka løype.

Gjennom dei to GPS-merkeprosjekta (2006-2011 og 2014-2019) fekk ein betre kunnskap om kor alvorleg situasjonen var, og det vart peika på moglege avbøtande tiltak. Frå 2016 har derfor verneområdestyret hatt ein dialog med Stavanger turistforening om ei omlegging hytte- og løypenettet ved Blåsjø. Gjennom arbeidet med tiltaksplanen frå 2022 vart denne dialogen utvida til å omfatte kommunane, Statskog, fjellstyra og private grunneigarar. Dialogen har vore konstruktiv og alle parter har vist stor forhandlingsvilje. Resultatet frå prosessen kan lesast som tiltak 45 i framlegget til tiltaksplan.

Tiltak 45 er såleis eit langt steg i riktig retning for arbeidet med å opne opp att villreinens viktigaste trekkorridorar. Samstundes vil det framleis gå ei turistløype over Gyvassfjellet og gjennom den svært tronge og sårbare nordlege inngangen til trekkorridorane i Steinbuskardet og Gyvassfjellet. Villreinens nord-sør trekk vil derfor ikkje skje uhindra. Det er derfor svært viktig at ferdsla på desse stistrekningane ikkje aukar og helst blir så låg at den ikkje utgjør eit hinder for villreinens trekkaktivitet. Det var ikkje mogleg å komme fram til ei løysing på denne problemstillinga i den gjennomførte prosessen.

Turisthytter som blir lagt ned eller flytta

1. Storsteinen, 34 senger – flyttast 4 km mot nordvest til Helvetsvatnet
2. Eidavatn, 42 senger – flyttast 5 km mot vest til Grasdalen
3. Grasdalen, 10 senger – leggst ned

Løypestrekningar som vil bli lagt ned eller lagt om

1. Tilkomstløype frå Blåsjøvegen/Storevassdammen
2 km, 600 passeringar, kanaliserer ferdsel inn i trekkorridorane
2. Gyvassfjellet – strekning på løypa Storsteinen-Hovatn
5 km, 200 passeringar, går i trekkorridor
3. Storsteinen-Kringlevatn
11 km, 5 km i trekkorridor, 300 passeringar
Leggst ned for ein prøveperiode på 10 år
4. Storsteinen-Litle Aurådal
14 km 3 km i trekkorridor, 300 passeringar
Leggst ned for ein prøveperiode på 10 år
5. Storsteinen-Eidavatn
7 km, 1 km i trekkorridor, 300 passeringar, flyttast mot nord
6. Eidavatn-Storådalen – strekning på løypa Eidavatn-Nilsebu
10 km, 200 passeringar
7. Søre Kamsbrekka-Heimre Brudlitjørna – strekning på løypa Grautheller-Lysebotn
6 km, 150 passeringar

Nye turisthytter

1. Helvetesvatnet, 16+4 senger
2. Grasdalen, 28 + 4 senger

Nye løypestrekningar

1. Gyvassfjellet-Storevassdammen-Storsteinsheia – strekning på løypa Hovatn-Helvetesvatnet
12 km, anslagsvis 400 passeringar vestover frå Storevassdammen
2. Grasdalen-Storådalen – strekning på løypa Grasdalen-Nilsebu
7 km, anslagsvis 1000 passeringar
3. Grautheller- Heimre Brudlitjørna – strekning på løypa Grautheller-Lysebotn
12 km, anslagsvis 200 passeringar

Tiltak 45: Omlegging av hytte- og løypenettet ved Storsteinen – uttale

Verneområdestyret meiner at dette er eit tiltak som vil ha svært stor positiv innverknad for villreinen, og delvis løyse opp i eit 50 år gammalt stridstema. Tiltaket vil, saman med tiltak 41 og 43, nærast tømme område sør for Storevassdammen for folk, og kraftig redusere forstyrringa av villreinen i dette svært sårbare område. Særleg trekket aust-vest kan nå skje relativt uhindra, og ein forventar auka trekkaktivitet og meir villrein i dei viktige sommarbeiteområda vest for Blåsjø og Svartevassmagasinet. Tiltaket vil og medføre langt mindre forstyrring i den sørlege inngangen til dei svært sårbare nord-sør trekka over Gyvassfjellet og gjennom Steinbuskardet. Samstundes vil ikkje tiltaket redusere forstyrringa i den nordlege inngangen til desse trekkorridorane. Sjølv om ferdsla på løypa mellom Storevassdammen og Hovatn er låg, er passasjen villrein og folk må dele svært trong. Det er derfor usikkert om tiltak 45 er nok til å auke trekkaktiviteten nord-sør i særleg grad. Ein føresetnad for auka trekkaktivitet er at ferdsla på denne løypestrekninga ikkje aukar, og helst blir redusert dei kommande åra.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at tiltak 45 blir ein del av tiltaksplanen.

Verneområdestyret vil i tillegg tilrå at det supplerande tiltaket under blir tatt inn i tiltaksplanen.

Redusere opningstid for turisthyttene Vassdalstjørn og Hovatn

Tiltaket vil støtte opp om tiltak 45 ved å betre villreinens tilkomst frå nord til dei svært sårbare og viktige trekkorridorane over Gyvassfjellet og gjennom Steinbuskardet.

Stavanger turistforening sine hytter Vassdalstjørn og Hovatn på austsida av Blåsjø bør haldast stengt i barmarksesongen utanom ein avgrensa periode som til dømes kan settast til 15. juli til 15. september.

Desse to hyttene hadde til saman i gjennomsnitt 561 overnattingar i barmarksesongen for åra 2023 og 2024. Til saman 67% av overnattingane i barmarksesongen falt innafor perioden 15. juli – 15. september

Tiltaket vil såleis i avgrensa grad gå ut over STF sitt tilbod samstundes som villreinen får fred og ro i desse svært viktige trekkorridorane store delar av året.

Tiltak 46: Vurdere tiltak for å redusere forstyrring frå beiteaktivitet i Storsteinsdalen

Verneområdestyret meiner at ferdsla knyt til beiteaktiviteten i Storsteinsdalen er problematisk. Særleg med tanke på at all ferdsle i dette område skapar forstyrring i villreinens mest sårbare trekkorridorar, og såleis undergrev effekten av tiltak 41, 43 og 45. Undeknuten sankelag leiger beite frå Statskog og har om lag 150 sau og lam på beite kvar sommar. Beitelaget si verksemd genererer 30 passeringar med bil på Blåsjøvegen innafor bommen på Beinlei. Dette utgjer så mykje som om lag 15% av biltrafikken på strekninga. I tillegg genererer verksemda om lag 20 turar ut i terrenget i samband med slepp, tilsyn, sanking og ettersanking av sau. Andre beitelag si verksemd utgjer 22 passeringar med bil og om lag 15 turar ut i terrenget. I dag utgjer beitelagas samla ferdsel ein avgrensa del av ferdsla i område, men etter gjennomføring av tiltaka 41, 43 og 45 vil beitelagas verksemd være ein av dei største attverande årsakene til ferdsle og forstyrring av villreinen i område. Statkraft vil framleis ha verksemd knyt til Storevassdammen og Statnett til linjene, samt at det vil gå ei merka turistløype på tvers av Storsteinsdalen. Om Undeknuten

sankelag sin aktivitet blir avslutta vil andre beitelag framleis sanke sau i område, og truleg i større omfang enn i dag dersom «gjerdeeffekten» frå Undeknuten sankelag sine sauer blir borte.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket endrast til å «Gjennomføre tiltak for å hindre forstyrring frå beiteaktivitet i Storsteinsdalen». Ei praktisk løysing kan være at det offentlege utstyrar Undeknuten sankelag med nødvendige «No-fence» klavar og tilhøyrande abonnement til heile besetninga. På denne måten kan sauene styrast unna dei kritiske trekkorridorane for villreinen, slik at behovet for tilsyn og sanking i desse områda vert sterkt redusert.

Tiltak 47. Gjennomføre vedtatt pålegg om stenging av anleggsvei til Duge/Svartevassmagasinet for allmenn motorisert ferdsel

Olje- og energi departementet (OED) vedtok i 2011 å stenge anleggsvegen til Duge for allmenn motorisert ferdsel ved eksisterande bom på Ådneram. Vedtaket var slutten på ein lang prosess med høyringar og klage på NVE sitt opphavsvedtak. I avgjerla la OED avgjerande vekt på omsynet til villrein og behovet for å unngå ei ytterlegare fragmentering av villreinområdet. Det vart synt til at villreinområdet gjennom meir enn førti år med kraftutbygging gradvis har fått redusert trekkveg og beiteområde. I høve til turistforeininga sitt løypenett synte OED til at det finnst alternative merke løyper slik at det ikkje er naudsynt å gå på anleggsvegen for dei som ikkje ønskjer det. OED opna for at det i vilkårsrevisjonen for Sira-Kvina utbygginga kunne gjerast ei ny vurdering av bruken av vegen. Vedtak i vilkårsrevisjonen vart fatta i 2023. I denne vart OED sitt vedtak frå 2011 liggjande fast.

Teljing av køyretøy på vegen i 2023 synte så mykje som 31 passeringar i gjennomsnitt kvar dag, og med eit maks. på 110 passeringar. Dette var om lag same nivå som ved teljinga i 2022. Biltrafikken på vegen flyttar startpunktet for fotturar ei snau mil nordover i heia, og med dette ein svært enkel tilkomst inn i sentrale delar av villreinområdet, særleg på austsida av Svartevassmagasinet.

Verneområdestyret meiner det er svært viktig, og på høg tid, at OED sitt vedtak frå 2011 vert sett ut i livet og at dagens nøkkelpolis vert kraftig innskjerpa.

Tiltak 48: Omlegging av konseptløypa «Ryger»

«Ryger» er fellesnamnet på mange samanhengande løypestrekningar, som går nord-sør gjennom heile Setesdal Ryfylke villreinområde (Haukeliset – Ådneram). «Ryger» er ein del av konseptet «DNT Signatur», kor turistforeiningane særskild marknadsfører dei finaste langturane i Noreg.

Verneområdestyret meiner at Stavanger turistforening si konseptløype «Ryger» er problematisk. Dette gjeld særleg løypestrekninga Hovatt-Storevassdammen, kor ein kvar auke av ferdsle vil undergrave effekten av tiltak 45. Dette er derfor eit løypetilbod som ikkje må marknadsførast. Det er positivt om STF vil opplyse om at turistferdsle nå skal gå til Lysebotn i Sandnes i staden for Ådneram i Sirdal, men dette kan gjerast utan å knyte det til ei konseptløype.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir tatt ut av tiltaksplanen, eventuelt at tiltaksplanen signaliserer at «Ryger» må takast ut av DNTs Signatur konsept.

Tiltak 49 Utsette brøyting av anleggsveg mellom Vetrhus og Mosvatn til påske

Verneområdestyret meiner at dette tiltaket vil sikre mindre ferdsel og forstyrring av villreinen i eit vinterbeiteområde som ofte er i bruk. Tiltaket vil redusere slik forstyrring for en periode på 4-8 veker. Brøyting av anleggsvegen til vinterferien vil flytte utgangspunktet for vinterferdsle 2.5 km og 200 høgdemeter nærare vinterbeiteområde, og såleis gjere område lettare tilgjengeleg og meir attraktivt.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Verneområdestyret vil i tillegg tilrå at tiltaket utvidast til å omfatte stenging av anleggsvegen for allmenn motorisert ferdsel i barmarkssesongen 1. juni - 1. desember. Bom plasserast ovanfor Vetrhus. Busette i Suldal kommune, brukarar av Suldal statsallmenning, grunneigarar, beitenæring, kraftselskap og Stavanger turistforening i driftssamanheng, skal framleis ha tilgang til motorferdsel.

Om bommen plasserast ved Moskar, vil utgangspunktet for ferdsel flyttast 2.5 km lenger bort frå eit regelmessig brukt sommar- og haustbeiteområde.

2.1 Tiltakspakke 7b. Store Urevatn og Uraråjuvet

Tiltak 54 Regulere tilkomsten på anleggsveien opp i Uraråjuvet

Trekkpassasjen over Uraråjuvet vart særleg viktig etter at Store Urevatn vart regulert og mange av dei gamle trekkrutene i magasinet gjekk ut av bruk, ikkje minst mellom Lisle og Store Urevatn. Det går ein anleggsvei opp i Uraråjuvet, men denne er låst med kjetting og der bruken er forbeholden regulant og rettighetshavarar. Med unntak i perioden med reinsjakt er det lite ferdsel på vegen. Grunna dei topografiske tilhøve skal det svært lite til før reinen lar vera å krysse over.

Det er særst viktig at ein framover klarar å halde på trekkaktiviteten over Uraråjuvet og aller helst auke denne. Sjølv om vegen er stengd med bom bør det gjennomførast teljing av biltrafikken på vegen. Ved behov kan det vurderast jaktfrie soner på både sider av Uraråjuvet slik det er nemnd under tematisk tiltak nr. 29.

Tiltak 55. Forprosjekt for restaurering av trekkveier over magasinet Store Urevatn

I dette magasinet er fleire plasseringar aktuelle, eventuelt fleire små. Aktuelle plassar er godt omtala i NINA si oppdragsmelding frå 2004 (Bay/Jordhøy). Her vert det særleg nemnd passasjane over Urevasskilen og utløpet frå Ytre Ratevatn der det særleg er behov for tersklar når vatnet går over kote 1172 (HRV er 1175).

2.2 Tiltakspakke 8. Sørrområdet Setesdal Ryfylke

Tiltak 56: Redusere barriereeffekten av veg Brokke – Suleskard (Fv 450)

Veg Brokke - Suleskard vart opna i 1990. Vegen er vinterstengd i perioden 1.11 – 20.5. Trafikken på vegen gjer at villreintrekket over vegen vert forseinka med 2 – 4 veker om hausten. I praksis kryssar svært få dyr vegen før denne stenger 1. november. Tidlegare stenging av vegen vil vera viktig for utbytting av haustbeitet på både sider av vegen, og ikkje minst vinterbeitet vidare sørover.

I tiltaksplanen vert det foreslått to alternativ mht. endra opningstider på vegen:

- a) Forskyve opningstid med to veker til 5. mai – 15. oktober
- b) Reduksjon i opningstid til 20. mai – 15. oktober

SVR vil tilrå at ein vel alternativ b, dvs stenge vegen 14 dagar tidlegare om hausten. Vi vil sterkt råde i frå alternativ a som inneber å opne vegen 14 dagar tidlegare om våren, då dette vil bidra til mykje ferdsel på ski ut i frå vegen i ei svært sårbar tid på året for rein og anna vilt. Slik ferdsel har ein av noko omfang også i dag, men med tidlegare opning vil ein flytte startpunktet mykje lenger inn i heia. Med tidlegare opning vil ein måtte starte brøytinga tidlegare, og med fare for at høge brøytekantar i seg sjølv vert eit stengsel for trekk over vegen.

Tiltak 56 må sjåast i samanheng med tiltak 57. I sommarhalvåret er veg Brokke – Suleskard utgangspunktet for svært mykje ferdsel nordover og sørover i heia. I fleire rapportar (NINA rapport 2596 og 1457) er det peika på at den samla ferdsla, saman med intensiv sauebeiting i området, er av eit slikt omfang at villreinen langt på veg held seg unna områda aust for Rosskreppfjorden. Dette var tidlegare viktige sommarbeite for reinen. Med bakgrunn i dette støttar vi forslaga under tiltak 56 om campingforbod langs vegen og reduksjon i parkeringsmoglegheitene. For alle eventuelle restriksjonar på/langs vegen er det avgjerande at det er tilstrekkelege ressursar til å handheve dei.

Tiltak 57. Omlegging av hytte- og løypenettet ved Rosskreppfjorden

For at reinen skal nytte områda aust for Rosskreppfjorden i sommarhalvåret er det avgjerande at den samla ferdsla og forstyrringa i området vert redusert. Langt fleire enn brukarane av turisthyttene nyttar dei merka turistløypene i området, men hytte- og løypenettet er uansett ei tilrettelegging som dreg mykje folk inn i områda.

Som det kjem fram i planforslaget er det pr. nå inga semje om korleis ein skal legge om hytte- og løypenettet. SVR vil frarå tilrådinga frå scenarioanalysen om å flytte løypenettet til vestsida av Rosskreppfjorden og med «nye Øyuvsbu» ved Indre Flogvatn. Hovudårsaka er at ei slik løysing inneber å bygge ei ny turisthytte i eit viktig vinterbeiteområde for villreinen, og den vil vera negativ for andre førekomstar av raudlista artar i området. Ei slik flytting inneber også ein ny trase mellom Taumevatn th. og Bossbu th. som kan skape nye barrierar for trekk nord/sør og auka forstyrring i eit høgareliggjande område reinen i dag finn ro. At det kan bli behov for ei hytte nr. 2 (sikringsbu mv) på strekninga grunna lang dagsetappe kan auke forstyrringa ytterlegare.

Dagens Øyuvsbu bidreg saman parkeringsplassen ved FV 450 til å drenere mykje ferdsel nordover på austsida av Rosskreppfjorden. I vidare prosess vil SVR likevel tilrå at det vert jobba

vidare med eit alternativ som inneber at ein beheld dagens Øyuvsbu, men med enkelte vesentlege endringar. Slik vi ser det er dette det einaste realistiske alternativet og som samstundes vil gi ei stor positiv effekt for villreinens områdebruk. Tilrådinga går i korte trekk ut på å redusere overnattingskapasiteten på Øyuvsbu turisthytte frå dagens 34 til om lag 20, og legge ned dagens parkeringsplass ved FV 450. Bruken av Øyuvsbu vil med dette bli redusert til bruk for dei som går frå hytte til hytte. Vidare nordover bør ein vurdere ei løysing der merka sommarløype vert flytta nærmare Rosskreppfjorden, og legge ned tilførselsløypa gjennom Evardalen. Ein får då redusert forstyrring kring Øvre Kleivi der villreinen har eit relativt smal passasje dei skal igjennom ved trekk nord/sør. Nedlegging av Svartenut turisthytte bør inngå i tiltakspakka for å redusere ferdsele i området ytterlegare. Ved nedlegging av Svartenut th vil dagsetappen mellom Øyuvsbu th. og Bosbu th. vera 24 km. i rimeleg lettgått terreng. Samla vil tiltaka redusere mykje av ferdsla nordover frå FV 450. Tiltaka bør supplerast med noko reduksjon i opningstider på Øyuvsbu haust og vår for å auke trekkaktiviteten gjennom området. Øyuvsbu si plassering midt i det sentrale vinterbeiteområde, gjer og at opningstider og kvistetidspunkt i større grad må tilpassast villreinen.

2.3 Tiltakspakke 9: Hovdenområdet

Tiltak 67: Vurdere strengare regulering av ferdsel på anleggsvegen frå Bleskestad til Holmavatnet – omtale

Anleggsvegen til Holmavatnet strekk seg 19 km innover fjellet frå den øvste garden i Bleskestad. Vegen er stengt for allmenn motorisert ferdsel med ein bom i den søraustre vika på Sandvatnet, 8 km før vegen sluttar ved Holmavatnet. Anleggsvegen opp til Sandvatnet smeltar normalt fram og blir køyrbar i slutten av juni. Ei snøfonn midt på Sandvatnet gjer at vegen normalt ikkje er mogleg å køyre heilt inn til Holmavatnet før i starten av juli. Teljingar viser 1400 passeringar med bil opp til Sandvatnet og 550 passeringar med bil innafor bommen. I tillegg kjem noko ferdsel med sykkel.

Anleggsvegen kryssar tre trekkområde for villrein. Eit trekk mellom Skorpeskarområde og Hongsnuten over Sæbyggedalen, eit trekk ned Sandvassbrekka til Sandvatnet og eit trekk mellom Gravetjørnsnuten og Storhidlernuten.

Ferdsla på anleggsvegen opp til Sandvatnet er såpass omfattande at trekkaktiviteten i Sæbyggedalen er kraftig redusert i barmarkssesongen og avgrensa til trekk frå bukar.

Sjølv om ferdsla innafor bommen er mykje lågare enn utanfor, skaper den alvorleg forstyrring av det årvisse simletrekket ned Sandvassbrekka som går føre seg rundt 1. juli. Forstyrringane medfører at trekket blir avbrote og simlene trekk opp att Sandvassbrekka innan eit døgn. Simletrekket skjer om lag på same tid som sauene sleppast under Sandvassbrekka.

Bukketrekket frå Gravetjørnsnuten skjer mens ferdsla på anleggsvegen er på det høgaste i månadsskifte august-september. Ferdsla på vegen verkar ikkje å være så høg at den er til særleg hinder for dette buketrekket.

Sidan tiltaksplanen kom på høyring har Lyse Kraft konkretisert sine planar om opprusting av Røldal Suldal kraftverk. Desse inneberer vinterbrøyting av anleggsvegen opp til ny kraftstasjon i Tverrdalen, berre 2.5 km frå trekket over Sæbyggedalen.

Lyse Kraft har og i sitt tilsvaret til uttalelserne til konsesjonssøknaden og revisjonsdokumentet, gjentatt at det kan være aktuelt å tilbakeføre dei 8 km av anleggsvegen som ligg innafor bommen ved Sandvatnet.

Tiltak 67: Vurdere strengare regulering av ferdsel på anleggsvegen frå Bleskestad til Holmavatnet – uttale

Verneområdestyret meiner at dette tiltaket er nødvendig for å sikre, og eventuelt betre, dagens trekkaktivitet over anleggsvegen. Verneområdestyret vil derfor foreslå denne løysinga for framtidig bomplasseringar og regime for desse bommane:

- Dagens bom ved Sandvatnet behaldast, men haldast stengt for andre enn Hydro/Lyse fram til 15. juli
- Det etablerast ein ny bom ved Kvanndalskrysset som stenger anleggsvegen for allmenn motorisert ferdsel. Unnatak for Hydro/Lyse og grunneigarane si ferdsel. Etter 15. juli. vil busette i Suldal kommune, grunneigarar, beitenæring, kraftselskap og Stavanger turistforening i driftssamanheng skal framleis ha tilgang til motorferdsel.
- Det etablerast ein ny bom ved Bleskestad som stenger anleggsvegen for allmenn motorisert ferdsel frå 1. november til 15. juni. Unnatak for Hydro/Lyse og grunneigarane si ferdsel

Nytt bomregime for anleggsvegen Bleskestad-Holmavatnet bør innførast gjennom vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal kraftverk, slik at det ikkje blir nødvendig med ein ny prosess i regi av NVE.

Verneområdestyret vil derfor tilrå at dette konkretiserte tiltaket blir ein del av tiltaksplanen.

Om Lyse Kraft får konsesjon for Røldal Suldal kraftverk, austre grein, kan det i konsesjonen gis pålegg om at siste 8 km av anleggsvegen blir tilbakeført til naturlik tilstand. Dette vil redusere ferdsla rundt Holmavatnet og ha ein positiv effekt for villreinen i barmarkssesongen.

Tiltak 70. Tilpassning under øvingsaktiviteter i området Geiskeli - Berdalsbu

Tiltak tar føre seg behovet for å gjere tilpassingar i øvingsaktivitet i villreinområda. Mellom anna vert det synt til forsvaret sin øvingsaktivitet på Geiskeli i Bykle som tidvis skapar mykje forstyrning i viktige vinterbeiteområde.

For legitimitet av planen meiner verneområdestyret det er avgjerande at tiltak, der statlege aktørar er gjeven eit hovudansvar for gjennomføring, må vera blant dei første til å gjennomføre sin del av dugnaden.

2.5 Tiltakspakke 11: Forbedre funksjonelle trekk mellom villreinområder

Tiltak 74. Opprettholde framtidig trekk mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei

Som det riktig vert peika på i tiltaksplanen utgjer RV 9 ein barriere mellom dei to villreinområda, og der biltrafikk, infrastruktur, hytter og ferdsel gjer moglegheita for utveksling svært vanskeleg. I kartfortelling delnorm tre er det synt til fem fokusområde trekkpassasje, frå Byklestøylen i sør til Vadmark i nord, og der trekkaktiviteten på dei fire nordlegaste fokusområda er redusert med over 90%. Ein gjennomgang i dyreposisjonar syner at i perioden 2006 – 2025 har berre tre merka dyr kryssa RV 9, alle tre simler. Av desse var to heimehøyrande på Setesdal Ryfylkesida og ei på Setesdal Austhei. Etter 2015 har det ikkje vore kryssing over vegen av GPS-merka dyr.

Føreslåtte tiltak er å oppmode Bykle kommune om vidare utbygging og verksemd som kan verke negativt inn på trekkaktiviteten. Vi minner for ordens skuld om at trekkpassasjane også ligg i Vinje kommune og at tiltaket må gjelde både Bykle og Vinje kommune.

Verneområdestyret meiner det må svært kraftfulle tiltak til om ein skal lukkast i å betre trekkaktiviteten over RV 9. Det å ikkje forverre situasjonen er ikkje nok. Ein bør prioritere trekkpassasjane det er størst sjanse for å lukkast, dvs dei nord for Hovden der trafikktalet på vegen er lågare enn sør for Hovden. På Statens vegvesen sitt teljepunkt på RV 9 rett sør for Hovden, var det for 2024 registrert ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 1144 køyretøy. På tilsvarande teljepunkt ved Vamark, 22 km nord for Hovden, var det i 2024 registrert ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 592 køyretøy.

Det må vurderast restaureringsprosjekt med tunnel på lik line med det som er føreslått over E 134 på Haukelid. Eit anna aktuelt tiltak kan vera stoppforbod langs vegen gjennom delar av året. Tiltaka er svært kostbare og inngripande, men vil vera naudsynte om ein skal få ei reell forbedring av trekkaktiviteten mellom områda. Om tiltaka ikkje vert gjennomført vil det vera vanskeleg for kommunane å halde på ein streng praksis mot tiltak langs vegaksen.

3 Forslag til supplerande tiltak som ikkje er del av forslaget til tiltaksplan

Utsett tidspunkt for kvisting til turisthytta Holmavasshytta

Tiltaket inneberer ei utviding av tiltak 65 om utsetting av maskinpreparering av skiløyper i Hovdenområdet.

Stavanger turistforening si hytte og dei tilhøyrande kvista løypene frå Haukeliseter (16 km) og Sloaros (12 km), ligg midt i eit viktig vinterbeiteområde for nordstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. Desse to løypene blir kvista til vinterferien (ca 15. februar). Holmavasshytta har godt besøk heile vinteren, og talet på vinterovernattingar var 418 i 2024. Om lag halvparten av overnattingane skjer før påske. I tillegg er det ein del som passerer gjennom område på dagstur mellom Haukeliseter og Hovden.

Villreinen kjem til vinterbeita ved Holmavatnet i månadsskiftet november/desember og simlene trekk ut av område i løpet av mars.


Om løypene frå Haukeliseter og Sloaros til Holmavasshytta ikkje blir kvista før til påske, vil forstyrringane i dette viktige vinterbeiteområde bli kraftig redusert i den tida forstringsflokkane er i område.

Legge ned parallelle kvista løyper mellom turisthyttene i Dyraheio

Stavanger turistforening har ein omfattande nett av kvista løyper mellom turisthyttene i og like utanfor Dyraheio landskapsvernområde. To stader går det parallelle løyper som og fungerer som snarvegar, slik at det blir mogleg å «hoppe over» ei turisthytte. Dei to aktuelle løypestrekningane går gjennom villreinens sentrale vinterbeiteområde. Løypene i område blir kvista veka før påske. Turisthytta Krossvatn som ligg sentralt i dette område, har om lag 100 overnattingar rundt påske.

Verneområdestyret vil derfor foreslå at tiltaksplanen foreslår å legge ned desse to løypestrekningane:

- Kvista løypa Krokevasstølen-Gravetjørn på 19 km gjer det mogleg å direkte frå Bleskestadmoen til Krossvatn utan å gå nedom Jonstøl. Denne løypa medfører meir forstyrring i villreinens sentrale vinterbeiteområde enn den alternative løypa Bleskestadmoen-Jonstøl-Krossvatn
- Kvista løypa Kaldavadet-Vassdalstjørn på 13 km gjer det mogleg å gå direkte frå Jonstøl og Stranddalen til Vassdalstjørn utan å gå om Krossvatn. Løypa bør leggjast ned da to parallelle løyper spreiar ferdsla og skapar forstyrring i eit større område



Tiltak på hytte- og løypenettet sør i sørområdet, Bygland og Åseral kommune

Områda sør i Bygland og inn i Åseral nyttast i dag første rekke av mindre bukkeflokkar gjennom vinteren, og der enkelte av desse vert gåande att gjennom sommaren og hausten. Reinen sin reduserte bruk av områda i seinare tid skuldast truleg ein kombinasjon av trekkbarrierer lengre nord (veg Brokke – Suleskard og aktivitet aust for Rosskreppfjorden), omfattande utfart frå hytteområda i Åseral og Sirdal, ferdsel i turistløypenettet og relativt låg totalbestand.

I samband med klassifiseringa (kartfortelling delnorm 3) vart områda kring Josephsbu turisthytte merka av som fokusområde *funksjonell trekkpassasje* med funksjonalitet redusert med 50 – 90% på vinteren. Vidare vart områda kring Bortelid og Ljosland i Åseral vurdert å ha redusert bruk med 50 – 90% sommar, haust og vinter grunna utfart frå hytteområda.

Setesdal Ryfylke villreinområde er frå naturens side langt og smalt, ikkje minst områda lengst i sør. Plassering av til saman fire turisthytter (Tjønndalen, Gaukhei, Josephsbu og Kvinen) på tvers av denne aksen er inga god løysing for ivaretaking av villreinen sine trekkmoglegheiter vidare sørover. I tillegg kjem Lakkenstova turisthytta noko lenger sør.

Sentralt i denne aksen ligg Josephsbu turisthytte med tilhøyrande løypenett mot Gaukhei, Kvinen og Ljosland. Turisthytta har relativt låge overnattingstal med eit gjennomsnitt siste tre år på 125 (vinter) og 312 (sommar). Hytta er eit trekkplaster for dagsturistar både frå Kvinen, Bortelid og Ljosland. Dette har auka dei siste åra, truleg som følgje av hyttebygging og bygging av den nye turisthytta på Kvinen. Registrering av ferdsla i kvista løype nordover og sørover frå turisthytta sesongen 2025 synte eit gjennomsnitt på 7 passeringar pr. dag. Grunna mildvær vart registreringa avslutta to veker før påske. Det er soleis behov for supplerande teljing her.

Vinterstid er Lakkenstova turisthytte, saman med Kvinen turisthytte og Bjørnevasshytta (austheia) av de mest nytta hyttene til DNT sør, med høvesvis 869 overnattingar i 2023 og 611 i 2024. Frå Ljosland vert det preparert skiløype til Lakkenstova og vidare kring Skoræ. Skiløypa, saman Lakkenstova, vert på denne måten eit springbrett til ferdsel utanfor løypenettet vidare vestover til Sandvatn og Viddæ i reinens vinterbeiteområde. Tal frå ferdselsteljing i 2024 i maskinpreparert løype Ljosland– Lakkenstova synte eit gjennomsnitt på 37 passeringar pr. dag. I den vidare rundløypa kring Skoræ var det eit gjennomsnitt på 16 passeringar pr. dag.

Med bakgrunn i utfordringsbilete beskrive ovanfor bør ein framover har eit særleg auge på ferdsla i desse områda og korleis den utviklar seg. I første omgang bør det gjerast vidare kartlegging av vinterferdsla. Aktuelle tiltak på sikt kan vera vinterstenging av Josephsbu turisthytte, unngå vintermerking av enkelte løypestrekningar, og stans i maskinpreparering kring Skoræ.